


Målmannen



So rodde dei fjordan

Av Aslaug Vaa

So rodde dei fjordan, so køyrde dei strondi.
So rei' dei lidan, so vassa dei sundi

Og heggeliljune duppa i bakkan,
Paa kyrkjegolvstiljune inn svinga stakkan'

Det var Liv og Tone, og Rannei og Gyri,
Og Gamla paa Fjone, lett trippa fyri.

Det var Knut og Livaar, og Sveinung og Tore,
Og buggen sin Styrkaar fraa Utigaard Jorde.

Og inn dei seg sessa paa kvaare si side,
So lydde dei messa med' tanken ro/k vide.

Og Knut saag paa Tone, og Rannei paa Livaar,
Og Gamla paa Fjone laut tenkje paa Styrkaar.

Daa klokka ho klemta og kvendi sukka
Og karane kremta og ut dei seg tukka.

Og sunnan og norran dei helsa i hendan
So rodde dei fjordan, so køyrde dei strendan.

Kald vår i Ørsta, Søre Sunnmøre.

Med meir um millom anna:

200 år med Ivar Aasen

Dei sju vikedagane frå norrønt mytologisk synsleite

Trugsmålet frå anglo-norsk

Polsk sjølvstendemarsj i Warszawa

Minnemarsj i Magdeburg

Alternativ musikk frå Frankrike, Tyskland og Sverige

...Og ordskiftet um det moderne prosjektet gjeng vidare

I dette nummeret:

Lars Bjarne Marøy	Ivar Aasen: Eit 200-årsminne	s. 2
Olav Torheim	Radikale impulsar	s. 3
Kasper Nefer Olsen	Dei sju vikedagane	s. 4
Lars Bjarne Marøy	Anglo-latin med ei klypa salt	s. 5
Olav Torheim	Sjølvstendemarsj i Warszawa	s. 6
Lars Bjarne Marøy	Eit språkpolitisk spark frå Polen til Noreg	s. 7
Olav Torheim	Ordre Nouveau - Kampen for ein ny samfundsskipnad	s. 8
Siv-Kari Hjelmås	Identitær, kva er no det då?	s. 9
Philippe Vardon	Folkehopehav fyrst	s. 10
Olav Torheim	Minnemarsj i Magdeburg	s. 14
Alex Kurbanov	Lindemann den store	s. 16
Ornella Winter	Umtala av Witchblood og Idis Örlög	s. 17
Ornella Winter	Intervju med Frakass	s. 18
Olav Torheim	Konsertmelding med Abnormality, Hekseri og Noose	s. 19
Megan Leo	Bathory: Vikingmetall-pionerane	s. 20
Ornella Winter	Bakgrunnsartikkel: 30 år med nasjonal musikk	s. 21
Torwin v. Runenfrost	Uppstoda av manneætti frå eit norrønt-mytologisk synsleite	s. 22
Eirik Storesund	Rosenrot og taklauk, sedhevd med djupe røter	s. 22
Megan Leo	Vadim Zeland's Transsurfing	s. 23
Lars Bjarne Marøy	Er det slutt på moderniteten?	s. 24
Lars Bjarne Marøy	Polen liver midt i det europeiske spaningsfeltet	s. 26
Olav Torheim	Frode Strømnes til minne	s. 28

Ivar Aasen: Eit 200-årsminne

Av Lars Bjarne Marøy

*«Det går mangt eit menneske
og ser seg fritt ikring
for Ivar Aasens skuld».*

Ordi ovanfor vart ytra av Tarjei Vesass. I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Det er grunn til å sjå seg attende og tenkja yver kva Aasen fekk til og korleis ein kann skoda attende yver arbeidet hans i dag.

I dag er kulturen vår mykje merkt av at folk tenkjer på engelsk i tilknytning til ulike leveformer. På Aasens tid var vel engelsk lite kjend. Det som derimot var kjent var det danske riksmålet, og det var mykje merkt av den tyske skrivestilen. Tysk var eit mål som vart nytta ved det danske hoffet heilt til slutten av 1700-talet. I byrjingi av 1800-talet skapte folk sine egne språklege bilete av di talemålet var det målet som dei fleste hadde tilgang til. Fåe dreiv mykje med lesing og skriving fyre etter 1850-talet.

Stoda i dag: Norskansk og anglonorsk


Ei etterrøkjing um anglonorsk syner at dei fleste unge er likesæle til bruk av anglonorsk. I dag er den engelske påverknaden på språkb Bruken vår sterk, so sterk at mange kannhenda ikkje ein gong idest å bry seg. Dei unge meiner at engelsk er kulare, tøffare og finare. Dei meiner at vanen er med på å avgjera at det er slik.

Det me vel kann slå fast er at språkhuglaget millom unge vert prega av at den amerikanske medieindustrien er sers sterk. Han når fram til dei unge gjennom dataspel, databruk reint ålment og gjennom film og fjernsyn.

Det er ikkje so mange som les mykje på nynorsk i dag. Haldningane til målet vert påverka av kor mykje ein ser det, høyrer det og brukar det.

Handfaste språkmøte i kvardagen vert prega av at nordmenn kopierar amerikanske fjernsynsseriar. Titlar som *Farmen*, *Big Brother*, *Idol* og liknande kjem rett inn i kvardagsmålet til folk. Det treng ikkje å ha so mykje å segja i seg sjølv, men det er vel ofte slik at fjernsynsseriar som gjeng på engelsk og vert teksta på norsk etterkvart endar opp med å verta opplæring i å tenkja på engelsk. Når folk lett godtek dei engelske titlane, tyder det på at dei fleste tenkjer engelsk i utgangspunktet eller ikkje bryr seg um at symbolord skal vera på norsk.

Det hev vore krampevorne freistnader på å gjeva norsk til kjenne. Me hev jamvel fenge taleumsetjing av amerikanske barne- og ungdomsseriar på fjernsyn. Dessse umsetjingane ber preg av at ein yverfører noko amerikansk til norsk på eit vis som ikkje vert truverdig.



Sambandsstatane er ein stat med 300 millionar innbyggjarar med mange likskapsdrag yver eit heilt kontinent. Desse likskapsdragi let seg ikkje utan vidare yverføra til Noreg eller Europa.

Er det norske framleis sakssvarande?

Uttrykket norsk nok hev vorte ein floskel i vokster. Det verkar som at det å vera norsk er noko brysam og noko som ein helst ikkje skal gjera so mykje ut av. Hev verkeleg Ivar Aasen nått fram? Me undrar oss yver det.

Noreg er eit land som flyt yver av olje og pengar, iallfall ser det slik ut på yta, men kor mykje er det attum fasaden vår? Eit land som er rikt hev ofte eit tilvåk til å verta sjølvnøgt, avdi alle ikring gjerne ser upp til landet. Men i røyndi er det vel slik at Noreg ikkje hev all verdsens å leggja fram for andre land. Ialffall er me ikkje i stand til å tevla med mediestormakter som Storbritannia og sambandsstatane.

Aasens fotavtrykk i samtidi

Aasen var eit oppkome av gode idear knytt til målvoksteren på 1800-talet. Skriftene hans talar for seg sjølv. Han var i stand til å uttala seg um språklege emne av mange slag og var òg dugande til å skriva skjønnlitterært.

Dersom ein ser på ein ungdoms språkmøte i dag kann ein kannhenda sjå eit mynster i desse språkmøti og dei assosiasjonane som vert dana kring desse språkmøti.

Nynorsken stend gjerne for noko sermeckt og avstikkande som kann eigna seg for dei som vil gjeva seg serskilt til kjenne. Bokmålet er i norsk samanheng rekna for nøytralt og er det målet ein må nytta um ein ikkje skal verta serskilt påansa.

Engelsk stend derimot ofte for det ålmenne i kulturlivet. Det glid inn på alle umkverve der dei mentale fyresetnadene skal utvidast, og der det ikkje er noko norsk frå fyrr.

Dersom det finst noko norsk frå fyrr, tykkjer ein gjerne at det er litt avvikande med norsk, og då er det greidt å halda fram med norsk. Det engelske er noko ein lærer seg likevel, og det vert soleis ståande som noko

jamlikt og liketydande med det norske. Ved neste krossveg kann det engelske koma inn for det norske og skuva det norske ut.

Litterære verkemiddel fylgjer gjerne same tankegangen hjå nynorskskribentar. Det engelsk let seg nytta avdi det er ålment og viser beint til filmar og ytringar som mange er kjende med. Bokmålet er det nøytrale målet som dei ikkje let til å koma utanum. Det er ikkje godteke å tenkja seg heilt fram til nye rotnorske ord og segjemåtar på alle nivå, um ein skal tolka mykje av det som vert skrive på nynorsk.

Det er mange år sidan det kom fram at nyhendeuppleisarane i TV2 skreiv sakene på bokmål og las dei på nynorsk. Då er det ikkje rart um målet vert låkare enn det kunde ha vore.

Kva må gjerast?

Nynorsken treng eit trygt fotfeste og stader der målet hev fyrerang. Det let til å vera langt millom deim som driv med måldyrking i dag. Det er likevel ikkje tvil um at det finst grunnlag for ei heil måldyrking på norsk grunn i den litteraturen som vart skipa til av klassikarar som fylgde etter Ivar Aasen.

Aasen-målet og den klassiske litteraturen på nynorsk treng nye lesarar. Vinje og Garborg, Blix og Sivle, Aukrust og Nygard treng nye lesarar. Forfattarar som Rasmus Løland og Hans Seland og mange andre forfattarar treng nye lesarar, til liks med at vår tids forfattarar bør finna fram til litterære verkemiddel som kjem heilt ut på nynorsk.

Hugsa bladpengane for 2013!

Giro er stifta inn i bladet.

Målmannen er av tekniske grunnar vorten duglegt forseinka. Artiklar for heile tvo nummer er vortne liggjande på vent, og redaksjonen valde difor å henta utgjevingsruta inn att med eit ekstra tjukt dubbelnummer. I alt kjem det til å verta fire nummer dette året.

Jamvel um bladpengane, no som for 11 år sidan, ikkje er på meir enn 150 kr i året, vil me gjerne oppmoda dei som hev høve til det um å gjeva ei liti eller stor gåva til bladet. Bladpengar og gåvor er den viktugaste innkomekjelda for Målmannen. Hugsa namn og tilskrift på innbetalingi!

Det er ikkje styresmakter og statsmidlar, men *tingarar*, som held Målmannen i live!

Radikale impulsar

Av Olav Torheim

Hausten 2013 kann ein sanna og gjeva til kjenne at det er 200 år sidan Ivar Aasens fødsel. Men ikkje nok med det: Den 30. november er det 75 år sidan ein annan sentral norskdomsmann og måldyrkar døyde, Nikolaus Gjelsvik. Næste år kjem det dessutan til å vera 125 år sidan fødselen åt målgranskaren og målreisaren Gustav Indrebø.

Kven av desse som vert minte, og korleis dei vert minte, heng nært i hop med kva som skal vera innhaldet i den norske målreisingi.

I dag sviv det seg for mange målfolk ikkje lenger um å

arbeida med språket sitt og å strida det norske målet fram på nye felt. Dei ynskjer einast å få lov til å halda fram med å nytta det målet dei er vande med å bruka. Me vil for vår part halda fram at den tidi då det norske målet stod sterkast, då nynorskprosenten i skulen var på sitt høgaste, det var på den tidi då målrørsla meinte at det dei hadde uppnådd til dessar berre var byrjingi. På 1930-talet fanst det nynorske dagsavisar, ein fekk verdslitteratur tilgjengeleg på nynorsk, og det vart gjort nybrottsarbeid med å gjera det norske målet tilgjengeleg på ei rad ulike umkverve. Jamført med stoda i dag, so var det mest for ein gullalder å rekna. Likevel so var det nett på denne tidi at Gustav Indrebø med harme hævda at det var "audmjukande" slik som det stod til i våre dagar. For fyregangsmennene i målrørsla hadde visjonar som nådde so mykje lengre enn til det som dei alt hadde uppnådd.

Reaksjonært nynorskforsvar eller radikal høg-norskreising?

Um ein stend for ei radikal målreisingslina, so er kvar vesle siger berre eit lite steg vidare mot eit mål som framleis er like endelaust langt burt. Ein lét ikkje motparten få kvila, men arbeider trottugt vidare for det ein hev sett seg fyre. Når det til dømes gjeld påverknad frå bokmål eller frå anglonorsk, som me hev skrive mykje um i denne utgåva av bladet, er den radikale tilnærmingi å leggja lista ein stad der ein aldri kann verta god nok, men til kvar tid skriva so norskt og målreinskande som ein maktar å gjera. Ein vil ikkje skifta ord um kor mykje engelsk eller anbeheitelse som skal ha plass i målet vårt, ein vil tvert imot reinska dei framande innslagi heilt burt.

Um ein derimot hev eit konservativt syn på målstoda, so nøgjer ein seg med det som er status quo. Stridskreftene vert berre samla um å føra striden i skyttargravene når ein kjem under åtak. Litt etter litt fell det eine støttepunktet etter den andre. I redsla for å missa det vesle som ein framleis hev att, so måtar ein seg til den nye stoda og endar med å tala vel um og verna um det som er ei vanstoda.

Målrørsla sitt forsvar av sidemålet kunde vera eit godt dømme. Saki er einast dagnær når det kjem krav frå bokmålshald um å taka sidemålet burt, og planen frå målrørsla hev vore å skamrosa den

rådande tvospråksstoda som ein "uvurderleg ressurs". I staden for å taka inn yver seg dei vandedåli bokmålselevar hev med å læra seg nynorsk, hev målrørsla freista burtforklára og nedtona at dagsens nynorskrettskriving, maltraktert av 75 år med statleg samnorskpolitikk, faktisk er eit rot og ei røra utan like. I millomtidi er det ikkje lenger eigen eksamen og karakter att å verja, berre at elevane skal læra nynorsk i det heile...

I den norske konsensuskulturen er "bygdedyret" vel so livande i Akersgata som i Utgrend. Det gjer "Anneleislandet" til eit Bakvendtland..

E U - k a m p e n kunde vera eit anna dømme på det same. Neisida vann EU-striden med ein strategi som

gjekk ut på å lovprisa Noreg som eit slags "anneleisland" som var godt nok som det er og der ingen skulde koma utanfrå og fortelja at eitkvart kunde gjerast onnorleis. Det var eit konservativt og sjølvnøgt fleirtal som sa nei til EU i 1994, og ei fylgja av det vart at heile saki vart lagd død dagen etter at folkerøystingi hadde sagt sitt. Det tildrivet som nei-rørsla hadde bygt opp skulde ikkje nyttast til å føra striden vidare til neste nivå. Tvert imot, folket skulde forlikast og stridsviljen bremsast ned, jamvel um EU-tilmåtingi av det norske samfundet hev gjenge sin gang kvar dag etterpå.

"Fred er ei det beste..."

Den sosialdemokratiske samarbeids- og semjelina, med "bygdedyret" vel so livande i Akersgata som i utgrend, er millom dei sidone ved "Anneleislandet" som snarare gjer det til eit Bakvendtland. Anten det sviv seg um målstrid, EU-strid eller karikaturstrid: Langvarande spaningar vert ikkje tolde, kvar gong det byggjer seg opp til ein styrkeprøve, so skal den norske husfreden tryggast med eit delt semja langs ei midtstraumslina.

Då svaler det hugen å sjå korleis folk ute i Europa hev makta setja retteleget nytenkjande politiske rørslor på føtene. Målmannen hev vore til stades på den polske sjølvstendemarsjen den 11. november i Warszawa, der meir enn 50.000 menneske demonstrerte for eit sjølvstendig Polen tufta på hevdvunne verdiar. Her fær ein sjå at folket ikkje berre nøgjer seg med å røysta kvart fjerde år, men tek til gatone der dei verkeleg kann gjera røysti si høyrd. I andre europeiske land finst det store politiske subkulturar som let liv og læra gå hand i hand i kvardagen, både med sosiale og kunstnariske syslar. Me trur at desse subkulturane kann vera forvitnelegt for norske lesarar å få ein innblikk i, og me hev difor teke fyre oss dei identitære i Frankrike og sett nærare på alternativ musikk frå dette landet.

Ein må ikkje gløyma at me nordmennene faktisk er ei sereigi folkegruppa. Me tel ikkje meir enn snaude 5 millionar i ei verd med sju milliardar menneske. For tusund år sidan skreiv dei islendske frendane våre verdslitteratur som ikkje stend attende for noko som er skrive korkje fyrr eller sidan. Når interessa for å lesa denne litteraturen er mager her til lands, so er det ille. I Tyskland og Frankrike kjem Eddaen og dei islendske ættesogone ut i eigne umsetjingar og i stødt nye opplag, medan dei norrøne bokverki i Noreg er noko som serskilt interesserte lyt leita etter på antikvariat eller på lagerutsal i hovudstadsforlaget Samlaget. På same måten upplivde me nylegt at ei tjodlynd norsk svartmetallgruppa kunde

Målmannen

Utgjevar:
Samorganet Målmannen

Tilskrift:
Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyar:
Olav Torheim
Epost: olaveth@gmail.com
Tlf: 99156428
Skype: fivreltd25

Netstad:
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktør-plakaten!

spela for ein fullsett sal i Tyskland, medan den same gruppa snaudt makta samla 20 personar på Kvarteret i Bergen.

I mange høve er det likt til at ein lyt til utlandet for å vekkja til live att det som må vera sovande kjenslenæmleik hjå oss sjølve, til dømes gjennom kunsten. I dette nummeret tek Megan Leo fyre seg svenske Bathory, som makta formidla nordisk lynne i si reinaste musikalske form.

For dei norske og nordiske verdiane, vart lynne, våre mentale fyrestellingar, er noko grunnleggjande som me alle burde ha skyldnad til å verna um. Likevel er "norske verdiar" slik dei vert umtala i ålmenta i dag vorte redusert til eit slags sett av sams køyreregjar, der kvar og ein stend fritt til å fremja sitt eige verdisyn, og der samanhengskrafti i samfundet smuldrar upp.

I tidlegare utgåvor av Målmannen hev det vore artiklar som legg vinn på at samfundet treng tradisjonar og ein berande doktrine som kann halda samfundet saman. I fyrr nummeret millom anna med Torheim sin artikkel um monarkisten Charles Maurras og med Stig Andresen sin artikkel um tradisjonisten Rene Guenon. Me trur at dei tradisjonelle tenkjarane hev mykje fyre seg, men det trengst meir problematisering for å kunna koma vidare. Lars Bjarne Marøy hev fylgt upp med eit innspel til ordskitte kring det moderne prosjektet. God lesnad!

Høgnorsk

**Når berre det beste
er godt nok:**

<http://sambandet.no/ordlista>
<http://sambandet.no/grammatikk>

Sank ein tingar til
Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

Dei sju vikedagane

Av Kasper Nefer Olsen

Utan ein gong å tenkja nærare yver det, segjer me ofta at den sju dagar lange vika er ei oppfinning frå Midausten - til liks med so mangt anna. Det franske ordet for laurdag, "samedi", kjem ikkje det frå det hebraiske ordet som svarar til "den sjuande dagen"? Kor som er, den moderne vika hev openberre kjennermerke på eit rotekte europeisk opphav. Den sju dagar lange vika var ikkje noko nytt som kom med kristendomen, ho høyrde tvert imot til ein hevd bunden idè som nordbuarane heldt uppe og varde um. Ja, dei gjekk so langt at dei plent neitta å føra inn skotåret. Skotåret braut einskapen i vika med di det førde inn ein umframdag kvart fjorde år. Islendingane valde soleides helder å setja inn, etter avgjerd på alltinget i 955, ei heil vika kvart sjuande år(1).

Kvifor denne tilknyttingi til vika? Det franske ordet for vika, "semaine", er eit ord som hev grunnlag i latin, "septimāna", [av sju] [7]; det nordiske ordet er uku eller wiku (engelsk week) som tyder [runde (fullstendig)]. Lat oss elles bita oss merke i at - som i dag, men til skilnad frå "vika" (på 8 dagar) åt dei gamle romarane - kvar dag i wiku hev sitt eige namn (dei latinske versjonane, som lesaren må ha skyna, er ikkje klassiske):

- (1) MánadagR, Lunae dies > Måndag
- (2) TýsdagR, Martis dies > Tysdag
- (3) ÓðinsdagR, Mercurii dies > Onsdag
- (4) ÞórsdagR, Iouis dies > Torsdag
- (5) FrjádagR, Veneris dies > Fredag
- (6) LaugardagR, Saturni dies > angl: Saturday
- (7) SunnudagR, > angl: Sunday

Korleis skal ein skyna dette påhittet? Tvo dagar hev teke namn etter tvo himmelleikamar som gjev oss ei tid å halda oss til: Månen og soli (på moderne fransk er ikkje soli lenger å finna i ordet "dimanche" [herrens dag]). Dei fem dagane som er att - eller um ein vil - dei som høyrer med i "runden" som me skal ganga - dei hentar namni sine frå grunnleggjande heidenske guddomar - undantaket er den sjettede dagen hjå skandinavane som me skal koma attende til.

Vika speglar samfundsskipnaden...

I røyndi fylgjer den skandinaviske runden sers noggrannt det trifunksjonalitetsskjemaet som vart utvikla av nordisten Georges Dumezil:

- (2) Ty = funksjon 1 A (justis)
 - (3) Odin = funksjon 1 B (magi)
 - (4) Tor = funksjon 2 (krig)
 - (5) Frigg = funksjon 3 (fræve)
- For dei latinske tolkingane, so samsvarar

Frigg og Venus rimelegt greiddt, og identifikasjonen av Odin med den romerske guden Merkur er jamvel klassisk (dei er baae tvo reisande, med ein breidbremma hatt på hovudet, og baae tvo talar med dei daude). Um det er ei serskild forvirring for dagane (2) og (4), so let det seg orsaka: Tor kann i praksis identifiserast seg med Jupiter som er ein toreversgud, han med. Slik vert Mars standande att åleine. Kor som er, jamvel um han er ein gud av den fyrste funksjonen, so hev Ty (til liks med Odin) ei krigersk sida med: Vikingane graverte Ty-runen inn i sverdet sitt for å sikra sigeren, og det er slik ein må skyna at dagen åt Ty er vorten den til Mars.

...Og det som skiplar samfundsskipnaden

Kva då med den sjettede dagen, skandinavane sin laugardagR? Ordboki gjev oss til umsetjing: dagen for... reingjering! Um dette kanskje ikkje er rangt, so er det helder ikkje noko blinkskot: Kva slags stilbrot er det ikkje å leggja kvardagslege arbeidsoppgåvor millom Venus og soli! Det er elles ingen grunn til å tru at germanarane - dei som fann upp såpa - berre vaska seg ein gong i vika - og serskilt ikkje kvelden fyre messa!

I røyndi so sviv det seg um eit skjemt. Eller meir noggrannt: Um eit tabu lagt fram som eit skjemt. Slikt er elles typisk nordisk: Danskane no um dagen segjer framleis "for syv sytten" i staden for "for syv satan". Kann ein ikkje segja namnet åt den vonde? Nei, ikkje endeframt. I staden tek ein dette dette tabuet (grovt) og gjer det um i eit skjemt (mildt) - med hjelp frå den gamle nordiske poesien som nytta seg av stavrim. Dessutan, dei som egsar seg upp yver Muhammed-karikaturar no um dagen skulde ha vite korleides danskar kann tala um deira eigne kristne gud. Det er heilt vanlegt å til dømes å nytta skjemtefulle umgrip som "Kristus på den høye hest", der "hesten" (det er å skyna som krossen) er ei rimelegt krass tilvising til eit torturinstrument frå den føydale epoken. Eller endå ein gong, "Gud Fader i skuret," der skuret er å skyna som kyrkja.

Men lat oss koma attende til den heidenske tidi. Kven er den unemnande som gøymer seg attum laugardagR? Trulegt Loke, "den vonde" i den skandinaviske mytologien. Den latinske tolkingi - teki vare på i engelske "saturday" - er med og byggjer upp under denne hypotesen. Utan å insistera tungt på affinitetane millom Loke og Saturn, lat oss sjå på det faktum at Saturn-statua i Roma er bundi upp heile året. Den spjotkastande guden er ikkje fri anna enn for den litt lausslepte nyårsfesten - på same måten som Loke endar bunden upp av dei andsvarlege gudane, til dess at verdi gjeng under.

At tilvising i til denne eksplorative makti i

lengdi vart i det meste laget, og at LokidagR som ei fylgja av dette vart skift ut med skjemtefulle laugardagR, det skulde ikkje yverraska stort.

Slik ser me at den skandinaviske vika er utleidd frå ordenen i Kosmos, ovanfrå og ned: frå Ty og Odin, um Tor og Frigg, ogcheilt ned i "djupni", til den avgrunnsdjupe Loke. Sistnemnde er kor som er korkje innanfor eller utanfor den trifunksjonelle ordningi. Snarare svarar han til den skipla ordningi, til ein karikatur av det heile, med di han blandar ihop alle funksjonane. Magikar til fullnads, so jamfører han seg med Odin sjølv. Økslingsfor som berre det, so kann han jamvel gjera alt det som ei kvinna er i stand til - og fær kona si til å rodna. Kor som er, han hev plassen sin i vika (og då helst mot slutten!), for ingen annan gud fortente meir enn honom å vera guden for tidi: Saturn identifiserar seg, på gresk, med Cronos. Denne tidi som fører til slutten ("week-end"), men samstundes til ei ny byrjing.

Numerologisk postskript

Kvifor talet 7? Det er klårt, $4 \times 7 = 28$ svarar meir eller mindre til lengdi på ein månadssyklus, men denne umlag-kjensgjerning i må ikkje få hugtaka oss for mykje: Hjå romarane, so vara den profane vika i 8 dagar, den heilage vika - endå verre - er av variabel lengd. I røyndi kann ein koma til talet sju på eit tusundtals ulike måtar; Jamvel terningen - ein platonisk lekam fastlagd med tali 3 (dimensjonar), 4 (kantar) og 6 (sidor) - produserar talet 7 som "ideal": i ei gamal dansk folkevisa vinn helten eit umoglegt parti med di terningen hans kløyver seg i tvo og syner tvo motsett rette sidor på ein gong, og slik talet sju!

Når det kjem til den skandinaviske vika, kann me ut frå analysen ovanfor koma fram til fylgjande formel:

Måne + (((Ty + Odin) + Tor + Frigg)) + Loki + Sol

som vert:

$1 + ((2 + 1 + 1) + 1) + 1$

Dette er grunnen til at me segjer at talet 7 - i minsto som "base" for kalendaren - ikkje berre er eit einstaka tal, men eit syntetisk nummer. Syntese, til sjuande og sist, av ein heil kosmologi. Det som forklarar kvifor dei i Norden neitta å handsama sjudagarsvika som ein simpel talkonvensjon der ein etter eige skyn kunde setja inn ein ekstra dag : Kven veit kva for ein gud som då kunde koma til å gjera seg gjeldande?

{1}

Louis Goguillon: Calendrier Viking, in: UTLAGI n° 25, pp 12-15

Anglo-latin med ei klypa salt

Av Lars Bjarne Marøy

Kvifor tek norsk upp i seg ord og språktilfang frå engelsk?

Dei upplagde årsakene er naturlegvis at engelsk er eit verdsspråk som folk yver heile kloden kann, og som nordmenn tilliks med andre må kunna um ein skal kunna kommunisera med folk yver landegrensone. Engelsk er utbreiddt yver alt, men kann ein finna andre svar på at engelsk er eit språk som påverkar eit etter måten lite mål som norsk?

Nye mentale bilæte

Dei mentale fyrestellingane som er knytte til engelsk og norsk kann ein granska på mange måtar. Nordmenn som hev språkmøte med engelsk kann vera av svært ymist slag. Det kann vera folk som må bruka engelsk i arbeidsamheng og i huslydshopeheng eller på ymse umkverve i dagleglivet. Det er nok den sistnemnde gruppa som er størst. Dei les og høyrer engelsk, og noko må dei gjerne skriva. Dei fleste språkmøti gjeng kor som er ut på å berre forstå, med grunnlag i det ordtilfanget dei hev tileigna seg reint passivt. Det er færre som må vera verksame brukarar i engelsk og ha god tame i å nytta engelsk.

Dei fleste nordmenn vil difor kunna fylgja fjernsynsseriar, sjå filmar og greida å umsetja engelsk so nokolunde når dei må, men når ein kjem til å arbeida djupare med tekster på engelsk med gloselistor og semantiske koplingar millom ord, då er vel det noko dei færaste kjem burt i. Dei mentale fyrestellingane me hev kring engelsk er soleis på eit ytenivå, men det let seg ikkje gjera å nekta for at jamvel mentale fyrestellingar på ytenivå kann ha mykje å segja for mål og målbruk hjå mange nordmenner.

Nordmenner hev nok ikkje den heilt breide ordforståingi av engelsk målet, men mange nordmenner hev arbeidd seg inn på serskilte felt der dei hev lese mykje engelsk. Til dømes hev psykologistudentar mykje pensumstoff på engelsk. Jamvel um psykologistudentar ikkje treng verta serskilt dugande i å bruka kvardagsengelsk, lærer dei truleg nok psykologi-engelsk til at dei vil kunna ha samtalur um faget eller iallfall kann draga ut lærdom av pensumlitteratur på engelsk. Kunnskap til engelsk for breide grupper kjem truleg gjennom at dei hev studert på engelsk og gjennom at dei hev fylgt med i populærkulturen – filmar, fjernsynsseriar, musikk og liknande.

Tysk setningsbygnad og anglo-latinsk ordtilfang

Når ein kjem til setningsbyggnaden, kann ein merka seg at engelsk er framandspråk num-

mer ein for dei fleste som hev norsk som fyrstespråk. Det språket som truleg stend nærast etter engelsk er tysk. Endå um fransk, spansk og andre mål er læreemne i skulen, er det engelsk og tysk som er dei mest interessante måli. Dei er i same språkfamilie som oss, og difor er det meningsfullt å sjå nærare på engelsk og i nokre høve tysk. Då lærer me meir um vårt eige språk med det same.

For ei tid sidan kom Jan Terje Faarlund med eit innspel um likskapane millom norsk og engelsk. Desse likskapane skulde vera kjende, likevel hev vel dei færaste utan serskild ihug for målgransking tenkt serskilt mykje yver at engelsk er nærare norsk enn tysk. Dei som skal læra tysk eller fransk vert gjerne fortalde at tysk liknar mest på bokmål og fransk på engelsk, men segjer det alt?

Tysk er rett nok lett å læra reint ortografisk, i motsetnad til fransk og engelsk, men ortografi er ikkje alt. Setningsbyggnaden gjeng fyre stavemåten. Me kann sjå at norsk og engelsk hev mykje av den same setningsbyggnaden, båe måli er SVO-språk. Det er at subjektet kjem fyrst, verbalet på andre plass og objektet attarst. I tysk derimot kjem objektet på andre plass, tyske er eit SOV-språk.

So er det klårt at ordtilfanget spelar inn. Mykje kann vera sams millom engelsk, tysk og norsk. Det ein vel like fullt kann slå fast er vel at tysk hev eit langt meir heimlegt germansk ordtilfang. Det finst godt med latinske ord i tysk, men ikkje på langt nær so mange som på engelsk, der er målet prega av det latinske ordtilfanget, det ein kann kalla anglo-latin. Den tyske setningsbyggnaden er elles heilt i samsvar med det latinske målet. Blandar ein tysk setningsbyggnad med anglo-latinsk ordtilfang, kjem ein snøgt til eit mål som ikkje er mykje norskt.

Språklege pardaningar

Engelsk hev etter måten mange tvifaldige ordpar, der det eine ordet i paret er eit germansk substantiv, men der adjektivet hev latinsk opphav. Døme frå fysiologien er: head/capital, ear/aural, tooth/dental, tongue/lingual, lips/labial, neck/cervical, finger/digital, hand/manual, arm/brachial, foot/pedal. Frå dyreriket hev engelsk par som horse/equine, chicken/gallinaceous, cattle/bovine, pig/porcine, whale/cetacean, ape/simian, bear/ursine, man/human or hominid. Andre ord som hev ordpar er:

book/literary, edge/marginal, fire/igneous, water/aquatic, wind/vental, ice/glacial, boat/naval, house/domestic, door/portal, town/urban, light/optical, sight/visual,

tree/arboreal, marsh/paludal, sword/gladiate, king/regal, fighter/military, bell/tintinnabulary.

Det er lett å sjå at det er dei anglo-latinske ordi som spreider seg i norsk vitskapsterminologi. Dei serengelske ordi hev ikkje so lett for å spreida seg, jamvel um dei er kjende.

Då frankarane kom til England vart dei serverte mat frå dyr som hadde engelske namn som vart ståande, men matrettane fekk dei franske namni. Slik fekk ein par av namn som: pig/pork, sheep/mutton og chicken/poultry. I Noreg i dag er det vel slik at matrettane iallfall i snøggmatbransjen ofte kjem frå engelsk, medan namni på dyri ikkje vert endra. Fleirtalet av nordmenn er ikkje bønder og treng ikkje å bry seg so mykje med kva namn det er på dyri, men sidan matproduksjonen skjer innanlands og dei norske namni er godt innarbeidd, skal det noko til å endra på desse namni.

Dei engelske matnamni på ferdigmaten er det derimot vanskeleg å stogga. Det heiter hamburger. Karbonade er vel eit ord som er i tilbakegang, noko godt norsk avløyssarord fanst det vel heller ikkje. Chicken burger slær vel like fullt ikkje gjennom på norsk, då vert det kjuklingburgar, vil eg tru. Men det heiter cheese burger, whopper og chicken nuggets. Mange vil vel leggja imot, jamvel når dei ser dei engelske ordi, og segja at norsk likevel stend sterkt. Det er ei stund til at ordet ost vert bytt ut med cheese, men med ein gong det vert ordpar i språket med same tyding, vert det viktig kva tydingsumråde kvart ord fær. Dei mentale fyrestellingane som vert bygde upp attum eit ord er ikkje so lette å kvitta seg med, og når sidetydingane til ordet vert til assosiasjonsberarar, vert ordet sterkare. Fører ein varor med engelske namn inn frå utlandet, fær ein snøgt eit bruhovud for det framande ordet. Alle hev vel høyrte um cottage cheese og andre pakningar med cheese på, og då kjem cheese-ordet sterkare inn i medvitte.

Kva vert ståande?

På den eine sida kann språk leva sida um sida med einannen, slik som i engelsk med dei ordpari som dei hev på ymse umkverve. På den andre sida kann ord spreida seg og koma i staden for andre ord. Det er langt frå visst at den anglo-latinske pågangen kjem til å stogga, og me bør vel kor som er satsa på det me er dei beste til, og det som ingen andre tek seg av – å nytta det norske språket so mykje me maktar. Anglo-latinen er soleis noko ein bør vera varsam med og taka med ei klypa salt.

Sjølvtendemarsj i Warszawa

Polakkar i titusundtals tek til gatone

Av Olav Torheim

Målmannen var til stades og dekte sjølvtendemarsjen i Polen den 11. november 2012, etter oppmoding frå Młodzież Wszechpolska (den all-polske ungdomen).

Nasjonaldagsfeiringi den 11. november hev hevdslinor attende til slutten av fyrste heimskrigen, men var forbodi av dei kommunistiske styresmaktene frå 1945 til 1990. Uoffisielt heldt tilkjennegevingane fram heile tidi, med klår brodd mot kommunismen og dei korrupte styresmaktene, og det er i dei hevdslinone at 11. november den dag i dag vert nytta av tjodlynde motrørslegrupper.

Det var ikkje berre polakkar som var til stades på manifestasjonen i Polen. Det same var innbedne frendar og medhaldsmenner frå Noreg, Ungarn, Belgia, Sverige, Frankrike, Kroatia og Italia.

Eit land i trass mot alle verdsens makter

Aldri so gale at det ikkje er godt for noko, vert det sagt. Datoen 11. november burde vera ei påminning um dette. På denne dagen tok den fyrste heimskrigen slutt. Attende låg det gamle Europa i ruinar: Det tyske keisarriket var saga, Austerrike-Ungarn skulde verta kapp upp i småbitar, og det russiske tsarriket var skift ut med eit kommunistisk skrekkvelde. Kor som er, det var midt i denne tragedien at det polske folket makta reisa seg og vinna attende det nasjonale sjølvstendet sitt. 11. november er soleides vorten til nasjonaldag i Polen.

At landet Polen i det heile framleis finst, det er utantum all plan. Landet hev vorte hersett og kløyvt upp millom stormaktene heile tvo gonger. Den fyrste gongen var i 1795. Den andre gongen var i



1939, snaude 20 år etter at landet atter hadde vunne sjølvstendet sitt. Dei kommunistiske masseavrettingane i Katyn-skogen tok livet av det polske offiserskorpset (22.000 mann vart brutalt slakta ned). Det syner til gagns at den siste gongen var planen at landet skulde utraderast ein gong for alle...

Men det skulde helder ikkje slutta der. Upp gjenom etterkrigstidi var Polen spjotspissen, då dei austuropeiske folki stridde mot kommunismen. Dei fleste hev nok høyrd um oppstanden i Ungarn i 1956, men ikkje fullt so mange veit at det var i Poznan i Polen at oppstanden fyrst tok til. Dei 100.000 polakkane som gjekk ut på gata i protestar mot det kommunistiske okkupasjonsregimet, dei visste at dei ikkje hadde ein sjanse, men likevel so valde dei å tona flagg – til prisen av eit femtitals menneskeliv då soldatar og panservogner vart sette inn mot dei fredelege protestane.

På 80-talet var det solidaritetsrørsla og

den katolske kyrkja som førde striden vidare. Her i vest tenkjer me at striden vart krana med siger i 1989, men der det polske folket veit betre: Under ein ferniss av vestlegt demokrati vart den gamle makteliten sitjande med makti, og den nasjonale motstandskampen held difor fram.

Eit folketog med trøkk i

Møtepunkt for demonstrasjonen var sundag ettermiddag, framfor Kulturpalasset i Warszawa. Det polske Kulturpalasset var ei "gåva" frå Stalin etter at den andre heimskrigen hadde lagt byen i grus. Dette sosialrealistisk og neoklassisistisk oppførde steinslottet stend i våre dagar umgjeve av moderne skyskraparar og kjøpesenter i massivt stål, glas og betong. Eit materialistisk audeland av postkommunisme og liberalisme.

Kor som er, polakkane vil vera herrar i eige hus, og okkupantar er okkupantar,



same kvar hen dei kjem i frå. Ein kunde soleides høyra slagord verta ropa mot både Russland, EU og NATO.

Då Polen var hersett av kommunistane arbeidde den katolske kyrkja med å knyta saman ei motrøsla, og ho var eit midtpunkt i den polske kulturreisingi og det antikomunistiske motstandsarbeidet. Ho vilde ikkje at Polen skulde forfalla til glas- og betongdekadense, slik som andre vesteuropeiske land. Mange bar difor fram slagord som “Polen er katolsk og ikkje sekulært”.

Frammøtet på tilkjennegjevingi var høgt yver det som var venta. Kor mange som var til stades, skil seg på kven ein spyrr. Massemedia som er lydige mot styresmaktene segjer 10.000, andre segjer 50.000, og atter andre segjer so mange som 100.000. Plassen framfor Kulturpalasset var i alle fall, slik ein kunde sjå det, like synn av folk som det han gjorde under fot-

ball-EM tidlegare i sumar, og den gongen vart det sagt at det var meir enn 100.000 menneske til stades... Det er ei kjensgjerning.

Politisperringar inkje meinbægje

Då demonstrasjonstoget tek til å gå, hender det noko uventa. Me er ikkje byrja å gå meir enn eit par hundrad meter fyre ein vart møtt av massive politisperringar. Yver ropert vart det kunngjort at folkemengdi at demonstrasjonen var forboden, og folk vart bedne um å gå heim.

Gamle folk, kvinner og born byrjar draga seg attende. Samstundes rykkjer “upplevingsorientert” ungdom fram mot politisperringane. Det byrjar å smella i knallskot og snart kjenner me teven av tåregass. Stemningi er sjodande heit: Kva kjem til å henda no? Etter ein halvtimes tid er det klårt at politiet ikkje lenger tenkjer på å stogga eit hundratusundtals polakkar

frå å feira nasjonaldagen sin. Demonstrasjonstoget fær gå vidare. Det er tydelegt nok at polakkar hev sin eigen måte å løysa upp i flokane på, han kann kanskje verka litt framand på systemtrugne vesteuropearar.

I time etter time etterpå gjeng demonstrasjonstoget gjennom byen. Det eine bus-tadkvartalet etter det andre vert vitja av folkehavet. Folk som stend på balkongane sine og ser på vert møte med tilrop som “Kvar er flagget dykkar?”. Parolar vert ropa, knallskot smell, bengalske ljøs lyser upp den myrke himmelen. Hadde ein ikkje visst betre, so hadde ein trudd at ein var på fotballkamp. Men her handlar det um noko meir enn kvar ein skal sparka ei stusseleg lærkula, her handlar det um kva slags stemneleid den polske nasjonen skal taka – og kva slags framtid det er som ventar alle folk i Europa.



Eit språkpolitisk spark frå Polen til Noreg

Av Lars Bjarne Marøy

Let det seg gjera å mannjamna Polen og Noreg når det kjem til målsaki? Det er vel ikkje heilt på sin plass, men det er likevel nokre poeng når ein kjem til polsk målsoga. Greidt nok, Polen er eit mykje større land enn Noreg. Landet hev vore ei stormakt, og det polske målet hev vorte bruka av diplomatar og lese av so vel dei romanovske tsarane som av andre kun-nige menneske innanfor det slaviske mål-valdet.

Men forklårar det alt?

Målet hev vore gjennom ymsande fasar som den gamalpolske fram til 1500-talet, den millompolske fram til 1800-talet, den nypolske fram til 1930 og den moderne polske frå 1930-åri. Medan det norske målet vart nedveikt og måtte reisast upp att, var det polske målet i bruk, jamvel då Polen ikkje var ein eigen stat. Rett nok var den statslause tidi på

berre kring 120 år, men likevel må ein slå fast at dette var ei avgjerande tid.

Det norske målet tapte nett i ei avgjerande tid millom svartedauden og reformasjonen. Etter det var målet mest heilt ute. Hadde Noreg havt prenteverk og eit mål som var eit røyndleg bruksmål på 1500-talet, kunde mykje ha vore onnorreis. Det syner oss at ein må slå til når ein hev høve til det og kann vinna fram med dei viktige tekniske nyvinningane ein treng um ein skal bruka eit mål. Noreg var altso ikkje vel utrusta då dei galdt som mest å berga målet, kring reformasjonen. Men på 1800-talet, korleis var det då?

Her kann ein få til ei mannjamning, for det norske målet og det polske målet var i bruk på same tid. Medan Polen miste staten sin, fekk nordmennene ein eigen norsk stat. Vandemålet var at nord-

mennene ikkje hadde nokon klår og fasttimbra kultur eller noko klårt norskspråkleg medvit. Det norske målet var ikkje eit viktig skiljemerke til å peika oss ut frå andre enn svenskan. Der Polen ligg midt i eit Europa der det spelar ei rolla kven som er tysk, austerikisk, russisk, ukrainsk eller kva det no måtte vera, so trong ein ikkje å gjeva seg til kjenne som nordmann gjennom eit eige norsk mål.

Nordmennene let rett og slett ikkje til å kjenna seg utmana, på same måte som polakkar. Ein brydde seg lite med kva som er norsk eller ikkje. Der 11. november framleis er ein kampdag i Polen, vert 17. mai til noko dvaskt og høgravande. Noreg er landet der folk talar um alt dei burde ha gjort, og målfolk meiner at staten må gjera meir. I Polen let det til å verta gjort meir i kulturlivet. Det kann ein læra av.

Ordre Nouveau - Kampen for ein ny samfundsskipnad

Av Olav Torheim

Me hev alle høyrte um mai 1968 i Frankrike, um vinstre-radikale studentar som sette sin eigen dagsetel med ville streikar og protestar - 68-ættledene. Men ikkje mange veit at det på same tidi fanst ei sterk tjodlynd rørsle i landet, ei rørsle som samla mange tusundtals unge medhaldsmenner til store folkemøte og som i åndslivet var fullt på høg med dei vinstreorienterte "motmennene" sine. Lat oss difor fortelja litt um Ordre Nouveau og dei politiske ideane som dei målbar.

Det som gjer Ordre Nouveau hugsa i den franske ålmenta, det er framfor alt dei mange samanstøytane som dei hadde med kommunistar - samanstøytar som til slutt enda med at både Ordre Nouveau og den kommunistiske ligaen vart forbodne av styresmaktene. Det som derimot gjer det forvitnelegt å draga Ordre Nouveau fram att for norske lesarar, det er samfundsanalysen som Ordre Nouveau den gongen gjorde seg. Han gjeld kanskje endå meir idag, for tildrivi som Ordre Nouveau fann åt for 40 år sidan hev i våre dagar slege ut i full bløming, vilde nok mange ha sagt.

Ideane og programmet åt Ordre Nouveau tok dei sjølve fyre seg i to bøker som kom ut i 1972 og 1973. I 2009 kom bøkene samla i ei nytgåva med fyreord av Alain Renault, ein av dei leidande i rørsle den gongen.

Det rotlause forbrukarsamfundet

Ordre Nouveau slår fast at det liberale samfundet er i krise, og at dei langt frå er dei fyrste til å slå det fast. Det sedbundne samfundet, tufta på eit folkehopehav, det finst ikkje meir. Liberalismen og kapitalismen hev rive folk upp frå det rådeverket dei tidlegare naturlegt høyrde heime.

I det moderne samfundet gjeng livet gjeng ut på å tilverka og forbruka. Materielt hev dei fleste det greidt nok, men velstanden er einast ei fylgja av at det kapitalistiske systemet treng vedvarande gjennomstrøyming med varor og tenestor. Millommenneskeleg stend folk derimot meir åleine enn nokon gong: Folk kjenner ikkje grannane som bur i same bustadblokki, og arbeidsfelagane ser ein lite til utanum arbeidstidi. Medan ein i det sedbundne samfundet trong hjelp frå huslyd og grannar, so kann ein i forbrukarsamfundet kjøpa seg dei tenestone ein treng. Um ein fell utanfor dette systemet, til dømes um ein ryk ut or arbeidslivet, so er ein derimot ikkje til nytte for nokon lenger. Den individuelle likskapen hev fostra sosial ulikskap og utanforskap.

I eit tradisjonelt samfund, tufta på rangskipnad, der hadde alle sin faste plass. Sume hadde større handlerom enn andre, men



Gamal plakat frå Ordre Nouveau: "Framåt! Frankrike, vakna! Andsynes riksstyret, andsynes marxismen - Til kamp, felagar! For ein ny samfundsskipnad!"

tanken attum var at ein stod på okslene til kvarandre - og at jamvel dei som stod lengst nede på rangstigen hadde kjensla av å vera med på noko som var større enn dei sjølve.

I det liberale samfundet er mennesket derimot minka ned til det som gjer det likt alle andre, til personnummer og tal i statistikken. Den individuelle fridomen avgrensar seg sjølv når alle andre skal ha same fridomen. Fridom til å verkelegt skapa noko nytt, gjera verk som varar, styra samfundet i ei ny stemneleid, den fridomen er alle frårana, meiner Ordre Nouveau. Røynleg fridom er skift ut med falsk fridom til å gå same vegen gjennom eit straumlineforma system med utdanning og karriere. Til slutt vert me likevel mælte etter kor langt kvar og ein av oss kjem på denne eine vegen.

Avpolitisering og teknokrati

Ein treng ikkje å vera imot teknologi eller tekniske framsteg, men teknologien skal tena samfundet - ikkje umvendt. I det gamle indoeuropeiske samfundet var jordbrukskasten underlagd preste- og krigarkasten, og denne trifunksjonaliteten er grunnleggjande i den indoeuropeiske fyrestellingsverdi. Denne yverbyggnaden er i våre dagar vorten plukka ned. Tilverking og forbruk er vortne mål i seg sjølve. Økonomisk vokster og BNP er fremste målet på um folk i eit land hev det godt.

Det parlamentariske systemet er spel for galleriet, meiner Ordre Nouveau. Partipolitikk og valkamp er like velsmurt som økonomi og reklame er det. Dei viser til at mai 1968 berre var endå eit døme på det. Etter nokre vikor med streikar og oppreist kom De Gaulle sterkare attende enn nokon gong!

Kor som er: Det som folk flest er i stand til å stella med, det er dei nære sakene i eigen kvardag og eige nærmiljø. Desse bør ein leggja til rettes for at folk kann greida upp i sjølve - direkte demokrati. Men dei store samfundsspursmåli lyt løysast på andre måtar, og av andre enn teknokratar og partipolitikarar.

Samfundsuppløysande stemneleider

Eit system som einast er tufta på materialisme, og ikkje på sams grunnleggjande verdier, det hev i røyndi ikkje noko å tilby folk. Helder ikkje innvandrarar ynskjer å verta innlema i eit slikt samfund. Dei som ynskjer seg noko meir i livet enn berre materielt forbruk, dei bryt difor ut og danar subkulturar. Slik fører likskapstanken paradoksalt nok til at samfundet kløyver seg upp i stammor. Bandi vert brotne, både millom ættledene og millom grupper i samfundet.

Ordre Nouveau ser det berre som eit sundt svar at ungdomen gjer opprør, men meiner løysingi deira er rang. Dei fleste subkulturane vert dimeir yvertekte av næringsinteressor. Løysingi er ikkje å flykta, løysingi er å arbeida saman for eit røynlegt alternativ. Jamvel um Ordre Nouveau ikkje var redde for å kjempa mot vinstreaktivistar på gata, var det styresmaktene dei gav det politiske og ideologiske andsvaret for vanstoda.

Politiske og kulturelle framvegar

Ordre Nouveau slo fast at det røynlege landet som Charles Maurras hadde tala um, det fanst ikkje lenger. Det liberale demokratiet hadde ete seg inn i alt: Fagforeiningar, kyrkjer, samyrkelag, bankar. Det rådande systemet legg til rettes for eit straumlineforma menneske som um dagen stend ved samlebandet og um kvelden sit framfor fjernsynet (i våre dagar framfor datamaskinen, og det både morgon og kveld). Folk vert innprenta av masse-media kva dei skal meina og av reklamen kva dei skal kjøpa. Dei vert minka ned til individ, med di dei er frårøva sin eigen personlegdom.

Det er soleides alt å byggja upp att, og Ordre Nouveau var medvitne um den kulturelle kampen. Samstundes åtvare dei mot dei som trudde at ein einast kunde vera uppteken av kultur eller at ein skulde kunna driva fram ei sak utan ei rørsle i ryggen. Dette var etter deira syn "ei fårleg synkverving":

For det fyrste trengst det ovstore ressursar for å endra samfundet. Den nyliberale samfundsumdaningi hadde vorte drivi fram av eit stort apparat, det til den kapitalistiske borgarskapen. Ein må gjerne sjå på alt løyndespelet som framigjenom hev gjenge fyre seg

attum sceneteppet, men der sveiv det seg til sjuande og sist einast um å utkrystallisera idear som elles vart kjempa fram heilt ope.

For det andre hev ei radikal, tjodlynd rørsle eit heilt anna arbeid fyre seg enn dei vinstretradikale. Vinstretradikale hev ingen vandumål med å spela vidare på idear som alt er godtekne i eit liberalt samfund. Dei kann berre segja at dei vil ha "meir demokrati", "forsvara menneskerettar", "kjempa mot rasisme", og so burtetter. Ei rørsle som derimot vil utmana desse fyrestellingane, dei hev eit mykje vandslegare arbeid fyre seg. Gjeng dei for hardt ut, vert dei tekne for å vera ytterleggåande, og det er ingen som vil høyra på

dei. Kor som er, um dei er utydelege på kva dei stend for, vert dei berre tekne for å vera noko anna enn det dei er. Då er det andre som kjem til å hausta fruktene av arbeidet deira...

Identitære idear

Ordre Nouveau lyfte fram mange idear som ein i våre dagar kunde ha kalla for identitære:

1. Den europeiske tanken. Ordre Nouveau trudde ikkje at dei europeiske statane åleine kunde hevda seg andsynes stormaktene USA, Kina og Sovjetunionen. Saman kunde derimot dei europeiske landi samordna seg, millom anna med herstell og økonomisk samarbeid.
2. Innvandringskritikk. Det var berre eitt av

mange spursmål som Ordre Nouveau sette på dagsetelen, men analysen deira var klår nok: Den ikkje-vestlege innvandringi vart drivi fram av pengeumsyn. Med innvandring fær ein både billeg og lydig arbeidskraft. I staden for å betra arbeidsvilkåri i dei mest krevjande yrki, hentar dei ein ny underklasse. Innvandringi er krondømet på at interessone åt folket og dei til styresmaktene er i motstrid.

Dei som les boki "Ordre Nouveau" fær røyna at mange idear og tankar som i våre dagar vert sette fram som nye, dei er det slett ikkje. Ordre Nouveau var langt fyre si tid med mykje av samfundskritikken sin. Kanskje ikkje so rart at dei vart forbodne?

Identitær - kva er no det då?

Av Siv-Kari Hjelmås Johansen

Umgripen nasjonalisme er dei fleste alt kjende med, men i det seinaste hev me høyrte gjete um ein ny flokk nasjonale medhaldsmenner - dei identitære. Nylegt gjekk ein video Europa rundt på Youtube, "Declaration de guerre" (Ei krigslysing), med franske Generation Identitaire som sidan tok seg upp på taket på ein moskè i Poitiers for å minnast slaget i 732.

Nasjonal eller identitær?

Sume freistar setja nasjonalisme og patriotisme opp mot einannan, men det er meiningslaust. Nemningi nasjon kjem frå "naissance" (fødsel) og patriotisme frå "patrie" (fedreland). Same um ein ser på den kvinnelege eller mannlege lina av opphavet sitt, so er det grunnleggjande for baa nemningane at at nasjonen eller fedrelandet er eit hopehav ein er fødd inn i. Det etniske stend sentralt - og ikkje moderne, abstrakte idear som demokrati, jamstelling og velferdsstat, som ein kann få tokken av um ein lyder til festtalor i dag, men som einast hev vore moglegt i sers etnisk homogene og konforme samfund.

Kva skil so nasjonalisme frå identitarisme? Eg tykkjer det er grunn til å poengtera at all nasjonalisme er pr definisjon identitær. Nemningi identitær fortel i utgangspunktet ikkje so mykje meir enn at ein reknar identiteten som noko viktugt - utan at det vert spesifisert kva slags identitet det er tala um. For dei som kallar seg identitære er poenget som regel at dei er for alle slags identitetar som er røtte i eit etnisk opphav - anten det skulde vera tala um lokal identitet, regional identitet, nasjonal (historisk) identitet eller europeisk (sivilisatorisk) identitet.

Eg hev sjølv teke til ords for å nytta nemningi europeisk heimstadreiseing. For det handlar um å finna ut kvar ein høyrer til, og veit ein å byrja med sine næraste, so kjem det andre på plass mest av seg sjølv.

Den identitære rørsle kjem opphavlegt frå



Frankrike, eit land som både hev latinske, keltiske og germanske røter - og med store regionale skilnader millom til dømes Bretagne, Alsace, Normandie eller Occitania. På mange måtar eit lite Europa i mikrokosmos. Det er soleides ikkje til å undrast yver at det nett i dette landet hev vokse fram eit medvit både um den samla europeiske arven og verdet av å taka vare på lokal og regional kultur - og då opposisjon til styresmaktene sin jakobinske statsnasjonalisme som vilde trykka Paris-kulturen ut yver heile landet.

Stoda i Noreg er ei heilt onnor. Her syner dei nyaste genetiske etterrøkjingane at me er millom dei mest mest etnisk homogene landi i Europa, med ein genpool delt med våre svenske, danske, islenske og færøyske frendar. Den vestlandsregionalismen som sume i målrørsle hev teke til ords for vert soleides for meiningslaus å rekna um ein ser det frå identitær ståstad. I staden burde ein sjå på stoda i Noreg frå eit nordisk perspektiv, men i Noreg hev ein liberalistisk vinstrenasjonalisme stode i vegen for det nordiske perspektivet. Soleides er dei nordiske landi er vortne til spelbrikkor millom stormakter, framfor å samla seg um ei tevfør blokk - som i neste umgang hadde funne sin plass i eit sterkt, samla Europa. Med eit samla Europa meiner dei identitære ikkje eit samla Europa i einsrettande tyding av ordet. Dei ynskjer ein organisk einskap, der alle regionar og nasjonar framleis held uppe

og dyrkar det som er sermerkt for desse - som i sum gjer Europa europeisk.

Høgnorsk frå identitær, nordisk ståstad

Ein nordisk einskap må til liks med ein europeisk einskap vera ein organisk einskap, der det som er sermerkt og verdt å taka vare på vert halde uppe. Då melder straks spursmålet seg, kva skal vera Noreg sitt tilskot til dette, til dømes i målvegen?

Eg vil insistera på at det er høgnorsken som i nordisk og europeisk hopeheng lyt representera det nasjonale. Um ein vil argumentera for at bokmålet er sernorsk, er sterkaste argumentet paradoksalt nok at det både hev kutta sambandet til den gamle danske-norske bokheimen og hindra oss i å knyta nye band til den svenske. Høgnorsken hev derimot den føremunen at han både er rotekte norsk og samstundes knyter seg både til svenskt mål og til islensk og færøysk.

For danske målet sin part, so nektar me ikkje for at me hev havt 400 års samband med Danmark. Den meiningslause millomlekken som me kallar for bokmål kann me derimot med godt samvit kvitta oss med. I heile Noreg skal borni læra høgnorsk, med dansk til sidemål og norrønt til valfag.

Ein identitær, europeisk heimstadreiseing ynskjer stutt sagt at ein på alle nivå skal ha tilgang til det beste for seg og sine.

Folkehopehav fyrst

Av Philippe Vardon

Ein Målmannen-kritikar, som me tykkjer kann vera unemnd, hevda nylegt at bladstyret fylgjer ein metapolitisk strategi. Det er alltid forvitnelegt med folk som meiner dei veit betre enn oss sjølve kva det er me held på med, men me hev nytta høvet til å sjå nærare på kva dette umgripet inneber. Teksti nedanfor er henta frå boki "Elements pour une contre-culture identitaire" (Byggjesteinar for ein heimstadbunden motkultur).

Det kann lyda vågalt å blanda Charles Maurras sitt vidgjetne slagord "Folkestyre fyrst!" i hop med arven frå GRECE. Den ideologiske tenkjetanken GRECE, kalla for det franske nye høgre, var dei fyrste i Frankrike til å leggja fram dei metapolitiske teoriane hans Gramsci. Både Maurras og GRECE-kringværet hev havt sers mykje å segja for den radikale høgresa i det 20. århundret. Samstundes hev nett desse vore millom dei som stod hardest imot einannan. Er det moglegt å sameina desse tvo straumdragi? Det er ikkje fyremålet mitt, jamvel um eg er millom deim som tenkjer at det er mykje meir frå Charles Maurras enn det ein skulde tru i dette nye høgre.

Kva slags metapolitikk sviv det seg um?

Eit kjarpt søk i eit internett-uppslagsverk gjev oss ei tyding som er greid nok:

"Føra politikken vidare, forbi det reint politiske".

Guillaume Faye var millom dei som tala for å arbeida metapolitisk frå høgresa. Lat oss sjå på den tydingi som han kjem med i verket "Kvi me kjempar":

"Breida ut idear og verde av kulturelt slag, der fyremålet på lengre sikt er ei djuptgangande politisk samfundsendring".

På ein netstad for internethandel finn me ei tyding som er litt meir dristig, og som svarar betre til det som me til slutt skal koma fram til:

"Metapolitikken gjeng ut på å få folk til å dela ein ide eller til å kjøpa eit produkt, med di ein nyttar seg av tilgrensande eller yverlappande midlar, ofte kulturelle".

Mormonarane gjev kostnadsfrie engelskkurs, politiske grupper set i gang humanitære åtgjerder, kyrkjer tilbyd fysisk fostring for ungdom, andre hjelper folk som lider naud...



Philippe Vardon

Altso, det sviv seg um åtgjerder som i seg sjølve er prisverdige. Haka ved det heile, det er at dei ofte hev eit gøymt fyremål: "Offeri" deira skal verta yvertydde um serskilde politiske eller religiøse idear.

Some næringsverksemdar gjer det same. I Romania hev den mest populære tilverkaren av prevensjonsmiddel skipa ein ikkje-statleg skipnad som kjempar mot seksuelt yverførde sjukdomar... Det er ei åtgjerd som umveges tener til å framheva produkti deira, men der upptaki deira fær økonomisk tilskot frå den europeiske unionen - og studnad frå styresmaktene.

Som de hev skyna, metapolitikken gjeng ut på å nytta ei sak, som på yta er avkledd all ideologi og all kommersiell orientering, og å styra denne i ei leid som tener eigne interessor.

Endeleg skal me sjå på den tydingi som Jean-Yves Le Gallou kjem med i boki "Cinq cent mots pour la dissidence" ("500 usamde ord", fritt tilgjengelegt på Internett). Le Gallou er tidlegare EU-stortingsmann og styrer samskipnaden Polemia:

"Å breida bilæte og konsept ut i samfundet. Framfor alt breider ein ut eit verdsbilæte – saman med idear som fører til politisk handling. I det 20. hundradåret hev vinstresida heile vegen arbeidt kulturelt for å knesetja læresetningane sine og den måten som dei ser verdi på. Det hev i neste umgang gjeve deim høve til å taka makti åndelegt, og det medan høgresa ikkje hev brydd seg med den kulturelle kampen."

So her er me i dag...

Medan mange kastar kreftene inn i det komande valet – slik er det for min part! – og medan atter andre ordskiptest um kven det er som skal redda verdi i 2012, so slår

eg for min part fast at politikken er dessutan – nei, framfor alt – det som politikken umgjev seg med. Det er utanfor den sedvanlege politiske aktivismen at me legg grunnlaget for ein politisk siger. Den politiske verksemda som eg vil kalla for "sedvanleg", han dreiar seg einast um val av målsmenner i styre og stell. Denne verksemda hev til sjuande og sist ikkje endra seg stort på all verdsens tid. Det gjeng i kleistrelappar og flygeblad, dei evige firesidors kampanjefaldarane, eller plakatan med blå bakgrunn (himmel, Marine, konge, alt etter kvar ein stend på høgresa).

Ideen med metapolitiske prosjekt er å draga til seg personar som aldri, eller sers usannsynlegt, hadde vilja koma til ei klassisk politisk tilskiping. Målet er å påverka måten folk ser på verdi og på det samfundet dei liver i, og slik skapa ei folkemeining som er venlegsinna til den politiske kampen me fører.

Den kontrarevolusjonære tenkjaren Joseph De Maistre hev vore den fyrste til å nytta seg av dette umgripet. Kor som er, det var den heilage, transcendentale dimensjonen åt politikken som han med det ynskte å framheva (De Maistre hadde elles upphav frå Nice, eg let aldri høvet gå frå meg til å gjeva heimstaden til kjennes).

Dagsens måte å nytta dette umgripet på, måten eg sjølv nyttar meg av i kveld, skriv seg frå Alain de Benoist. Han hev sidan 1970-talet vore den fremste talsmannen for det politiske straumdraget, eller snarare det metapolitiske straumdraget, som ein kallar det franske nye høgre. Det var den kommunistiske leidaren og teoretikaren Antonia Gramsci som kveikte De Benoist til å forma metapolitikken ut teoretisk. De Benoist hev gjort det so godt at ein hev kunna byrja tala um ein gramscisme på høgresa. Kva fortel Gramsci oss? Ingen kann taka makti politisk utan å taka makti kulturelt, utan å fyrebu folk åndelegt.

Maurras sitt "politikk fyrst", det er ei grunnsetning, ein dagsetel. Det identitære "metapolitikk fyrst", som eg gjer framlegg um, det er framfor alt ein framveg. Men det er ein framveg heilt klårt politisk, for han hev eit heilt klårt mål: Taka makti, og kunna utøva og halda på henne.

Elles er det heilt klårt på nett dette punktet at skilnaden frå Maurras vert tydeleg: Han ser det tvert imot slik at det er maktyver-

takingi som gjev høve til å vekkja upp folket åndelegt og få nytt liv i sjelene (det vert naturlegt nok ei forenkling frå mi sida, det sviv seg ikkje her um å gjera noko studium av Maurras sin politiske filosofi). Maurras talar um politisk makt fyrst, og me svarar honom at me lyt vinna den metapolitiske sigeren fyrst. Slik systemet verkar i dag, so er det ein kann få til med beinveges politiske åtgjerder endå meir avgrensa enn det var på Maurras si tid. Samstundes hev ein fenge langt betre middel til å handla på det metapolitiske umkvervet (for å segja det klårt: sambandsverktyi, og framfor alt dei som høyrer internettet til, Jean-Yves le Gallou talar jamvel um ein "teknologisk gramscisme").

Det vert tala sers mykje um Francois Mitterand, i samband med årsdagen for hans død. Men sigeren til Mitterand i 1981, det er framfor alt det som hende fyre den nemnde valsigeren, i dagspressa, mil-lom kunstnarar, med vitringsarbeid (informasjon). Og eg er ikkje tenkt å tala um – ok, eg kjem nok inn på det likevel – det som vinstresida hev gjort etter at dei kom til makti. Det slappe huglaget som me ser i rettsstellet, det me kvar dag ser døme på, det er atter eit døme på den kulturelle påverknaden, måten ein hev påverka huglaget åt domarane. Den politiske påverknaden frå vinstresida - det at nett desse domarane er vortne sette inn – det er noko som hev kome seinare, og det jamvel um vinstresida ikkje hev vore på plass i l'Elyssée på ei 15 års tid (l'Elyssée, det er det franske presidentpalasset). Påverknaden på huglaget åt folk kann vara mykje lengre enn påverknaden ein hev på det folk puttar i valurnone...

Lat oss tenkja på trotskismen. Eg vil ingileis måla noko rosenraudt bilæte av desse, for det hev eg sett ofte nok i sume kringvære på høgresida. Kor som er, makti åt trotskistane i Frankrike, og då serskilt innanfor antirasismen, ho hev lite å gjera med valuppslutnaden deira. Uppslutnaden som dei kann få ved val er etter måten avgrensa, jamvel um ein tek den vesle mediestjerna Besancenot med i rek-nestykkjet. Nei, det er den kulturelle makti deira som gjer utslaget: Eg høyrer sjølv til den ættleden som voks upp med lærarar som alle hadde den gule handi med "ikkje mobb kameraten min" på ryggen. Troskismen, det var SOS Rasisme, studentlagi og rockegruppone – med Noir Desir som eit framifrå døme på dette.

Det vert ofte sagt – og Julien Dray, grunnleggjaren åt SOS Rasisme og den

store klokkesamlaren, hev nylegt sagt det endå ein gong – at det som vinstresida aldri rettelegt hev tenkt på, det er utryggleiken. Me kann evlaust slå fast at det som høgresida framfor alt ikkje hev teke med i rek-nestykkjet, det er kulturkampen! Um ein tenkjer på den nasjonale høgresida eller den liberale høgresida...

Her nyttar eg ofte eit einfelt døme, dei lokale folkebiblioteki. Um høgresida kjem til makti i ein by, so bryr den nye borgarmeisteren seg aldri med å kasta eit blikk på kva slags blad som er å finna i hyllone på biblioteket, eller syta for at biblioteket sluttar tinga L'Humanité (kommunistisk dagsavis) eller Charlie Hebdo (vinstrelyndt skjemtetidskrift). Samstundes kann ein vera viss på at når ein by vert teken yver av vinstresida, so er det med ein gong slutt med å tinga Figaro Magazine (høgrelyndt tidskrift med tilknytning til UMP) eller Valeurs Actuelles (konservativt, høgrelyndt vikeblad).

Her skil den franske høgresida seg grunnleggjande frå den italienske. Her talar eg ikkje berre um den radikale eller identitære høgresida, men jamvel um sentrum-høgre.

Den radikale, italienske høgresida er verkelegt eit døme på ein motkultur: Estetikk, sereigen klesstil, kunstnarar, idrottslag og framfor alt musikk. I møte med den rådande språk- og umgrips-bruken, so maktar dei å snu på flisi og nytta systemet sine eigne umgrip mot seg sjølv (ein kann tenkja på teikneseriehelten Albator som er vorten ein helt hjå den "svarte" motkulturen, og når eg segjer "svart" so er det ikkje hiphop-kulturen eller Magic System som eg tenkjer på...). Og dette sidan 70-talet. Den gongen greiddede dei å skapa bylgjor i kulturlivet, og det ikkje minst med Camps Hobbit. Camps Hobbit var eit tjodlynt ungdomslæger der det fyrst og fremst vart lagt til rettes for leik og moro. I sjølve namnet, som peikar attende til heltane i Ringdrotten, ligg det eit program i seg sjølv. Elles so hev sumarlægri dei seinaste åri fenge namnet Atréju, som denne gongen syner til helten i filmen Den endelause soga (tufta på Michael Ende si bok med den same titelen).

Medan me franskmennene i årevis einast hadde einskildmusikarar som Docteur Merlin (musikar med tilknytning til det franske nye høgre) og Jean-Pax Mefret (antikommunistisk musikar), so voks det i Italia fram rettelege rockegruppone. Hjå oss var hardrock-gruppa Science et Violence med Oliver Carré og Jack Marchal åleine

um å kasta seg ut i eit liknande røyne ... I Frankrike laut me venta til dess at den tjodlynde punk- og oi-musikken kom og opna vegen på midten av 80-talet. Den fyrste bylgja med identitære rockegruppone var so godt som alle arvtakarar – sumtid i direkte lina - frå dette kringværet.

I dag er det styresmaktene i Milan-regionen som held skipnaden Lorient med pengar. Lorient (atter ei tilvising til Tolkien-universet) tek fyre seg framvoksteren åt den alternative italienske musikken. Etter at koalisjonen dei var med i hadde sigra politisk, so er denne motkulturen teken inn i varmen. Det som var "undergrunns" hev kome upp til yta og jamvel vorte eit forskingsemne.

Heilt nylegt er "Nessun Dolore" vorten ein storseljar i bokhandlane. Det er ein roman som tek fyre seg opplevingane åt tvo unge medhaldsmenner frå rørsla Casa Pound. Sjå fyre deg at du hadde funne ein roman um identitære medhaldsmenner på fremste hylla hjå FNAC (fransk kjeda som sel bøker, musikk og filmar) eller hjå Virgin! Med all den innverknaden det hadde havt i folkesetnaden.

Denne motkulturen hev lagt grunnlaget for den politiske sigeren, bygd upp og sveisa i hop heile ættledar av medhaldsmenner. Ei sams, stor forteljing hev gjege frå munn til munn, det hev skapt ein sams kultur, eit hopehav. Eit hopehav som i dag hev ministrar i eit samlingsriksstyre, eller som til dømes hev makti i rådhuset i Roma. Ein kultur som skaper samarbeid på tvers av ymse slags politiske byggverk og som i våre dagar yverrislar heile høgresida - og soleides ein stor part av det italienske samfundet. For å rettelegt få fram skilnaden, so er eitt døme sers råkande: I Italia er "alternativ musikk" ei nemning for høgrelyndt musikk: I Frankrike er den alternative rocken det same som rocken åt vinstresida. Denne språklege skilnaden er ikkje til å kimsa av.

Det sviv seg til sjuande og sist um å kunna lata seg kveikja av både det som vinstresida hev fenge til i Frankrike og det som høgresida hev fenge til i Italia. Me tek tak i dei ideane som Alain de Benoist og venene hans i det nye høgre hev dyrka fram, og samstundes lukar me ut det navleskodande tankespinnet som ofte hev fylgt arbeidet deira. Den kulturelle maktyvertakingi, det er ikkje berre å få professorane på universitetet til å høyra på oss, det er jamvel å gjeva ungdomane i folkeskulane noko å lyda til på ipod'en.

Me må få ein motkultur til å veksa

fram, spreida dei kulturelle kodane og prenta desse inn i folkesetnaden, og då serskiilt ungdomen. Tanken attum er at me skal ha noko å tilby til ungdomen som i dagleglivet støyter på ”den nye rampen” og som på alle livsens umkverve må lida under skadeverknadene åt masseinnvandringi og islamiseringi. Me skal gjeva dei knaggar å hengja dagshendingane på, me skal ”politiseru uroi deira”, som det heiter i eit framifrå anarkistisk slagord.

Denne viljen til å setja eit varande avtrykk, han kann ikkje nytta valkampen som einaste mælestav. Gjennombrøtet må koma på litt lengre sikt. Me dagdrøyer ikkje um siger i 2012 (teksti kom ut i 2011, merknad frå umsetjar), på same måten som me veit at undergangen ikkje kjem dagen etter dette valnederlaget helder... Me tek det ofte upp att, men ja, me arbeider med ei tidslina som gjeng mot år 2020, eller kanskje 2050. Kjenner de på dykk at me lever i eit tid der det hastar med å gjera noko? Det hev de heilt rett i, og det kjennest slik for oss med, men det må for all del ikkje få oss til å gå for snøgt fram. Dei gamle medhaldsmennene som er til stades her i kveld, dei veit det vel: Då dei dreiv på i 80-åri, då eg var byrja gjera noko i 1995, so hadde eg med kjensla av at no hasta det å gjera noko. Men det som hastar, verkelegt hastar, det er å byggja upp noko som held, eit røynelegt alternativ, ei røyneleg motstandskraft. Og det kann me ikkje gjera utan eit kulturelt grunnlag, utan vilje til nedslag i hjarta av samfundet. Det trengst velrette åtak rette mot huglaget åt folk, mot ordtilfanget deira, mot dei kulturelle kodane og motane.

Men heilt handfast, kva slags form skal dette metapolitiske engasjementet få? Korleis skal me vinna den kulturelle makti, korleis gjeng me vidare for å byggja upp ein motkultur? Eg hev vore rimelegt teoretisk til dessas, og det er av di eg endelegt er tenkt å byrja taka fyre meg nokre handfaste emne... Og pass på:

Eg kjem til å tala um det som me alt freistar gjera, samstundes som eg segjer til meg sjølv at alt stend att å gjera. Vel, me er ikkje ein gong komne halvvegs med det som skal gjerast, men me er i minsto på rett veg.

1) Eigne speltil og frirom.

Dette skal vera vårt svar på ungdomskulturturhusi og på dei statsfinansierte ungdomssentri, desse templi for dei politisk korrekte og for dei som hatar seg sjølve. Stadene der dei held skeid i slam, der fem år gamle gallske smågutar vert lærde upp

i afrikansk dans.

Globaliseringsrørsla hev sitt ”TAZ”, me treng å ha våre eigne sjølvstyrde vald som kann verta varande: det var grunnen til at me i 2004 opna La Maioun i Nice. Ti Breizh i Bretagne er eit anna dømme, med åkrar og økologiske hagar. Likeins er det med La Barricade i Paris, La Traboule i Lyon - og nett no Lou Bastioun som hev teke upp tråden etter La Maioun i Nice. 130 kvadratmeter hev me her, med eigi skjenkestova (tileigna Albert Spaggiaro, me hev kalla det for ”Albert S. – Gentlemen’s Pub”), ein møtesal, ein idrottsal, ein livande bilætklubb, og med opplæringsåtgjerder som til dømes skeid i nissart (den gode gamle dialekten i Nice). Me hev jamvel ein fotballklubb for reivungar, der dei som elles aldri hadde kome til å tala med einannan kann verta kjende.

Sjølvstyrde og sjølvkosta stader å vera på, der det er våre reglar og vår kultur som rår grunnen. Her skaper me nye måtar å umgå med kvarandre på, og her gjer me jamvel litt av eit pedagogisk arbeid når folk skal læra seg å arbeida saman med byggjearbeid, vedlikehald og hushald. Folk fær kjensla av å vera saman um noko, folk set si æra av å taka seg skikkelegt av det som dei hev fenge andsvaret for.

2) Taka saga og heimstadkjensla attende

Eit dømme som me kann tala um: Sidan 2003 skipar me til eit folketog som hyllar ei heltinna frå Nice, Catarina Segurana. Dette fakkeltoget med ungdomar frå Nice samla 40 personar det fyrste året, og mest 200 personar sist september. Den ”offisielle” tilskipingi åt styresmaktene i byen, ho samlar snaudt 50 personar, og då er dei folkevalde og musikarane rekna med...

Det sviv um å taka attende vår eigi saga, vårt eige minne. Ungdomen i Nice er alt sers byrge yver rotene sine, og me vilde gjeva dei ein modell, eit dømme, eit symbol. Men me kunde ha valt eit anna dømme, og det er ei meining i det valet som me hev gjort. Me valde Segurana i staden for Garibaldi, i samsvar med dei verdiane som me meiner høyrer folket vårt til. For me ser det slik at ho er den som målber oss best. Og med Segurana vinn me ein metapolitisk siger: Medan den gamle ættleden friviljugt knyter seg upp til Garibaldi – med alle ideologiske fylgjone som det fører med seg – so er det i våre dagar Segurana som ungdomen reknar for den høge vernaren av Nice.

Dette tildrivet hev vorte fylgt upp med

til dømes folketog for Sankt Geneviève i Paris og med ein folkelegt oppattliva ljوسفest i Lyon. På desse identitære samlingane er det kvar gong mange hundrads personar som kjem for å gå i tog og feira sedhevd sin. Når dei gjer dette, so er dei med på å taka attende minnet vårt (som når ein leitar fram att dei lokale talemåli våre, arkitekturen vår, osb), dei er med på å snu den politiske tilstemna.

3) Taka dei politiske kampane attende

”Le destra o e sociale o non e”, segjer dei Italia. ”Høgresida er anten sosial eller so er ho ingi høgresida”. Å kalla seg høgrelyndt i Frankrike svarar til ein annan røyndom her enn det gjer i Italia, men det som er visst er at kampen for millommeneskeleg rettferd høyrer til sakene me er mest upptekne av. Prov på det er dei mange vinterkveldane der me hev strekt ut handi til dei av brørne våre som er etterlatne på gata av ein stat som vel å hjelpa alle andre fyre han tek seg av sine eigne...

Likeins er det for regionalismen og for vernet um heimlandi våre. Vernet um dei lokale identitetane og den lokale fridomen er ein kamp som vart kuppet av vinstresida på 70-talet (og laten i stikken av ei høgresida som hadde fullført den jakobinske umdaningi). Denne kampen er vorten innvoven i det politiske arvestoffet vårt. Maurras var fødselshjelparen! Det er i røyndi den altumsluttande vinstresida som er grunnleggjande jakobinsk (jakobinismen er einsrettande, fransk statssnasjonalisme, tufta på likskapstanken).

Med di me hev stade fram som anti-globalistar, so hev me tvinga dei hine til å verta alter- (globaliseringsrørsla i Frankrike vert kalla for ”altermondialiste”). På den måten hev maska falle, dei ynskjer berre ei onnor slags globalisering.

Jordvernarar er me òg, men heilskaplege jordvernarar med di me jamvel vil taka vare på det menneskelege mangfeldet! Og me er fylgjerette når me gjeng inn for lokale løysingar, ei løysing der jordvern og næringsvern møtest, og der me jamvel tilbyd eit heimstadrøtt svar på den marknadsstyrde globaliseringi.

4) Det me tek attende, det tek me samstundes ifrå nokon andre

Jamvel um det framleis finst krampe-trekningar hjå sume akterutsigla samskipnader, so hev me i våre dagar frårøva fiendane våre det lendet som høyrer den lokale heimstadkjensla til. Me hev tvinga dei til å draga seg ut derifrå – av di dei elles stend laglegt til for å verta nyttige

brikkor for oss, av di dei elles kann koma til å tena oss på det metapolitiske planet! Me hev soleis hindra dei frå å halda fram med å føra folk på villspor i viktuge kampsaker.

5) Nytta seg av dagnære ovringar i populærkulturen

Det finst ei fella som me framfor alt ikkje må gå i: Me må ikkje verta so nøgde med oss sjølve og med våre eigne kultur-ovringar at me tek til å draga oss ut or det lendet som høyrer populærkulturen til. Filmen 300 hev vore eit godt høve til å skildra einskapen åt europearane i møtet med trugsmålet utanfrå.

Braveheart, med Mel Gibson, hev vore merkesmann for ein heil ættled medhaldsmenner. For min part hev eg sett honom tvo gonger etter einannan: Straks eg var sleppt ut frå fyrste framsyningi, so stelte eg meg upp for å sleppa inn att på den neste. Ingi yverrasking at det er filmen som dei unge identitære hev kryssa av for i faldarane dei hev fylt ut på sumarlægrei.

Og elles, når me fyrst talar um sumarlæger, so hev me ikkje late høvet gå frå oss til å gjera nytta av Ringdrotten med Peter Jackson då filmen kom på kino. Nokre månader seinare var boki åt Tolkien hovudemne på sumarlægrei vårt.

Tanken attum er å nytta ei kulturhending som dagspressa hev lagt fram, og taka henne litt lengre, gå i djupni på henne.

Ikkje berre filmar, måvita, men andre kulturelle ovringar med:

-Fribryting og dei nye gladiatorane som kjem med denne, me vil draga den fysiske fostringi og livskrafti fram att i eit samfund som er åt å verta kvinneleggjort.

-Den elektroniske musikken, ei musikkform som er grunnleggjande europeisk.

-Casuals-moten (og livsstilen) som fyrst kom frå England, og som hev spreidd seg yver heile Europa takk vere fotballtribunane og heiajingane. Tribunane som sume reknar som støttepunkt for dei innfødde, stader der folk kann lata kjenslone få utlaup – kjenslor som heilt klårt er for heimstadtrugne å rekna. Stikk i strid med det som vert hævda frå journalisthald, og frå samskipnader som treng ein grunn til at staten skal halda fram med å gjeva deim pengar, so er det lite politikk å finna på tribunen. Kjenslone er derimot tydelegt til stades, og til sjuande og sist er det der at metapolitikken kjem inn. Ein estetikk som litt etter litt vert eit teikn på godtaking, ein kultur som folk slær ring um, til slutt jamvel ideologisk. Langt på veg er det

dette som hev hendt i England med English Defence League (jamvel um dette ikkje er nokor gruppa som Vardon ser nokon grunn til å stydja politisk, red.).

Og so er det pylsone, dei småe grisane... eller småe stykkje med fedrearv som vert til verkty for motstandskamp. Anten ein tenkjer attende på aperitiffen med pylsa og vin, ei skjemtevitjing i grise-maskar ved Quick sin halal-butikk, eller suppa me serverte åt dei heimlause.

6) Å skapa noko, måvita...

Der ein av byggjesteinane er plateselskapet Alternative-s, som er oppfylgjaren åt eit eldre upptak, BleuBlancRock (eit ordspel på Bleu, Blanc, Rouge, fargane i det franske flagget). Plateselskapet spreider musikken åt artistar som er heimstadrøtte både i bodskap og uttrykksform (tekster eller musikkstilen som dei vel å nytta). Dei hev sine eigne utgjevingar med, må vita, som Fraction, Hotel Stella, IPvox, Insurrection, Sequania.

Musikken er ikkje det einaste umkvervet der den identitære skaparevna kann sleppa fram. Dei seinaste tvo åri hev unge kunstnarar laga flygebladi for den tilskippingi som me hev halde til minne um Sainte Geneviève i Paris. Det opphavlege motivet vert sidan selt på auksjon.

Attåt dette hev me på dei identitære husi våre havt ei rad fotoutstillingar.

7) Køyra sakene våre fram, setja vår eigen dagsorden: Ordvalet er ein krig!

Tala um papirlause når ein meiner ulovlege innvandrarar, og sidan um migrantar når ein meiner folk som er innvandra... De ser me ein gong at det er ikkje nøytral språkbruk.

"Islamisasjon", dette umgripet tok me sjølve til å bruka, og i dag er det vorte eit rettelegt ordskifteemne i seg sjølv. Langt frå å vera nøytralt, so set dette umgripet ord på ei umdanning som samfundet vårt gjeng igjennom i møtet med islam.

Dei identitære hev dessutan dyrka fram ideen um den anti-kvite og anti-franske bodskapen som visse rap-grupper spreider. Dei sterke utspeli som dei unge identitære kom med mot gruppa Sniper, og det etterspelet som Novopress sytte for at dette fekk i pressa, det enda med at dette spursmålet hamna på dagsetelen i ålmenta. Og det var Nicolas Sarkozy, den gongen innanriksminister, som såg seg nøydd til å taka fyre seg dette spursmålet i det franske stortinget!

Nemningi "småe kvite" ("petite blanc") hev me vore drivande med å få inn

i daglegtala (ein kann elles tenkja på videoen "Uppreisten åt dei småe kvite" - La revolte des petits blancs – som for nokre år sidan gjekk Internett rundt og som inneheldt bilæte av unge identitære). I dag er denne nemningi langt på veg vorti daglegtala, jamvel i munnen på politologane og dei "offisielle" analytikarane. Ho er beinveges knytt til spursmåli kring "den etniske oppkløyvingi" ("fracture ethnique") som Guillaume Luyt byrja tala um i 2002, og som Ivan Rioufol frå Figaro meir eller mindre tok upp att tråden frå i boki "La fracture identitaire".

Og sidan... Nemningi "identitær" i seg sjølv. Me hev litt etter litt knesett ei nemning som hev opna eit nytt politisk rom, og som medhaldsmenner i heile Europa er byrja visa til.

8) Den metapolitiske viljen treng eit rådeverk: Lag og frontorganisasjonar, nettverksarbeid, samvirke

Me må ha viljen til å gå ut yver dei reint partibotne rådeverki. Desse rådeverki hev ein logikk som både for småe og store grupper verkar sektersk.

Berurier Noir, flaggskipet åt den alternative og antirasistiske rocken på 80-talet, avslutta den siste framsyningi si med di dei bad tilhøyrarane sine um å skipa sine eigne "frie rockegrupper". Dei trudde dei var frie, men dei avslutta laupet sitt på Olympia-stadion med ein konsert økonomisk studd av statlege organ og av dei største radiostasjonane... Dei frie mennene, og det veit de like godt som meg, er på vår sida av sperringane. Dei er hjå oss her i kveld, og ikkje i gangane på rådhuset eller på samlingane åt RESF ("Resaeu education sans frontières", utdanning utan grensor. Ein støtteorganisasjon for skuleelevar med foreldre som er ulovlege innvandrarar).

Altso er det upp til dykk å skipa rockegrupper som er røyneleg frie, og samstundes vera frie målarkunstnarar, frie filmmeldarar (og filmskaparar!), frie diktarar, frie turgåarar. Det er upp til dykk å gjera vårt verdsbilæte kjent. Eit verdsbilæte som ikkje berre er vårt, og ikkje berre av i dag. For me er ikkje ideologar, men me hev ein fakkell me skal bera vårt vesle stykkje på vegen, trugne til det eldgamle minnet vårt og til sedhevdens vår.

I dag krevst det at me handlar, med politisk verksemd og med dei metapolitiske framvegane som gjeng ut frå denne. Slik skal me vinna hjarto åt folket vårt, og det for å kunna vinna attende byane og bygdene våre. Fram då frendar!

Minnemarsj i Magdeburg

Av Olav Torheim

Minnemarsjen for den allierte bombingi av byen Magdeburg hev vore ei årleg tilskiping sidan upptaket i 1999, og oppslutnaden um markeringi hev vokse jamt og trutt. 2012 var det beste året so langt, med heile 1600 fram-møtte. Laurdag 12. januar var nasjonale med-haldsmenner atter samla, under slagordet "Ehrenhaftes Gedenken statt Anpassung an den Zeitgeist" (Ærefull minnemarkering i staden for tilmåting etter tidsåndi). Norske media nógde seg med å gjeva att utanlandske nyhendemeldingar, der markeringi vert dømd nord og ned med dei krassaste ordlagi. Målmannen var derimot til stades, og kann gjeva lesarane eit unikt innblikk i det som hende.

Takk vere den årlege Magdeburg-marsjen, hev det vokse fram eit medvit millom magde-burgarane um kva som hende med byen den 16. januar 1945. På same måten som Dresden skulde verta det ein snaud månad seinare, vart denne byen lagd fullstendig i grus etter eit ovstort bombeåtak frå samgongemaktene. Midtparten av byen vart meir enn 90 prosent øydelagt, og ein reknar med at på lag 60 prosent av heile Magdeburg vart øydelagt. Magde-burf hadde 15 kyrkjer, byen hadde fram til då vore ein av dei venaste barokk-byane i Tyskland, men etter det allierte luftåtaket var so godt som alt burte. Meir enn sekstan tusund menneske miste livet i luftåtaket.

Verdig minnemarkering i fred og ro

Minnemarkeringi i Magdeburg hev til vanlegt teke til på jarnvegsstasjonen, so hev ein gjenge ein stille marsj gjenom midtpunkti av byen. Men tilliks med andre minnemarker-inger for allierte brotsverk i Tyskland, er det kvar gong like spanande å sjå um tilskipingi i det heile kann verta gjennomført. Vinstreestreme grupper gjer sitt beste for å blokkera og stogga alle tildriv som kann mana til ei



meir avbrigderik forståing av den tyske saga, og Magdeburg er ikkje noko undantak. I år hadde dei kunngjort på netstader som anark-istiske Indymedia at dei skulde syta for at Magdeburg-marsjen vart saga...

Då morgonen rann, var stoda slik at nasjonale medhaldsmenner byrja samla seg inne på jarnvegsstasjonen, og motgangsmen-ner byrja samla seg utanfor for å blokkera det heile. Langsetter det som motdemonstrantane trudde skulde verta marsjruta, gjekk dei i gong med å skipa til sitjeblokadar. Politiet i Magdeburg var kor som er budde på å halda

seg til lov og rett, og brått lyder ei uventa melding: Alle som skal vera med i min-nemarsjen lyt umbord på S-banen for å taka denne eit par kilometer ut or sentrum. Manøv-eren er vorten til etter eit augneblinksinnfall frå politiet og etter at leidingi for tilskipingi samtykte.

Godt i utkanten av byen, på andre sida av Elben, kann marsjen byrja. Folk steller seg upp rad etter rad, med svarte syrgjeflagg og transparentar. Under ein innleidande oppman-ingtale takkar ein serleg dei frammøtte mein-ingsfrendane frå Noreg og Nederland. No skal me marsjera seks kilometer, frå utkanten av byen og inn mot midtparten av byen.

Når motdemonstrantane utanfor jarnveg-sstasjonen fær vita um kva som er skjedd, vert dei rådlause. Dei hev røynt tidlegare at politiet veit kvar dei skal setja inn innsatsen sin, og då motgangsmennene vil taka seg burt frå jarnvegsstasjonen, vert dei stogga med makt. Jamvel um det byggjer seg upp til eit stort gateslag millom politi og vinstreestreme aktivistar, so er utkoma den same.

Motstykket millom dei valdelege vin-streestremistane i midtparten av byen og dei fredelege nasjonale medhaldsmennene som stilt og utan eit ord togar inn mot Magdeburg er openberr. Ingen parolar vert ropa, frå fyl-



gjeblen tonar det einast klassisk musikk.

På slutten av marsjen er det tid for appellar. Dei frammøtte fær merksemd si retta mot at terrorbombingi av tyske byar berre var byrjingi på ein serie med brotsverk frå samgongemaktene som ikkje tok slutt etter den 8. mai 1945. Tvert imot, millionar av tyskarar skulde lata livet då samgongsmaktene hersette Tyskland. Folk døydde av utsvelting, fordriving, valdtekt, mord og tortur (denne sida av den tyske etterkrigssoga byrjar ein so smått å setja ljoskastarane på i våre dagar, millom anna i filmen "Vier Tage in Mai").

Ein av talarane tek deretter fyre seg korleis saga og sogeskrivingi hev skeiva seg til og kva ein kann gjera for å retta upp i den vanstoda me ser i dag. Han målar fyrst eit nedslåande bilæte av eit moderne Europa der meiningar som gjeng på tvers med liberalismen og multikulturalismen vert haldne nede med makt, og der hevdbundne verdiar vert bytte ut med forbrukarmentalitet. Han understrikar likevel at det er råd å stå imot makthavarane. Det er råd å finna likesinna, det er råd å grunnleggja ein familie og fostra upp born med sunne og gode verdiar, det er råd å skaffa seg eit frirom framfor å ornamast eller å søkkja ned i øydande subkultur.



Fredelege og lovlydige ungdomar

Ved nokre få høve greidde einskildpersonar frå motdemonstrantane å taka seg fram til minnemarsjen for å ropa slagord, men til ingen nytte. Dei som var med i marsjen vart ikkje oppøste av ropi. Fiendslege tilrop vart ikkje møtte med anna enn tagnad. Folk vart heller ikkje oppøste av at det vart kasta stein inn i folkemengdi midt under ein oppmaningstale. I staden for å arga seg upp lét dei politiet få gjera jobben sin med å taka hand um dei valdelege oppreistmennene frå den ytste vinstrevengen.

Dei tyske ungdomane som var møtte fram og vilde demonstrera var i det heile ein heilt annan gjeng enn det rengjebiletet pressa vil skapa av deim, både åtferdi og klednaden var

sømeleg. Her kunde det høva å draga fram ein liten episode heilt på slutten av marsjen, der ei ung gjenta med punkarfrisyr og vinstreestrekkjemerke hadde greidt det kunststykkjet å rota seg inn millom dei nasjonale medhaldsmennene på jarnvegsstasjonen. Ho var nok millom desse som var reist til Magdeburg saman med andre ytterleggåande vinstretilhengjarar, men no stod ho i staden mutters åleine millom desse som ho skulde stogga med vald. Ho skalv av redsle, og tårone rann i stride straumar, men ingen korkje røyvde henne eller sa noko til henne, og til slutt var det jamvel nasjonale ungdomar som spurde politiet um dei kannhenda vilde hjelpa den arme jenta ut til sine egne...

Magdeburg-bombingi eit krigsbrotsverk

Av Olav Torheim

Bombeåtakket mot Magdeburg skriv seg inn i ein lang serie målrette luftåtak mot tyske byar mot slutten av andre heimskrigen. Store byar som Dresden, Darmstadt og Hamburg vart jamna med jordi i samsvar med britiske Area Bombing Directive av 14. februar 1942. I dette direktivet fekk kommandør for det britiske luftvåpenet, Sir Arthus Harris, frie hender til å gå laus på både sivile og militære mål i Tyskland: "You are accordingly authorised to use your forces without restriction [...]".

Fyremålet med bombingi var inkje anna enn å knekkja moralen åt den tyske sivilfolkesetnaden, for "[i]t has been decided that the primary objective of your operations should be focused on the morale of the enemy civil population and in particular the industrial workers".

Dagen etter at direktivet vart gjort kjent, gjorde RAF-stabssjef Charles Portal fyremålet med det heile endå tydelegare: "I suppose it is clear that the aiming points will be the built up areas, and not, for instance, the dockyards or aircraft factories where these are mentioned in Appendix A. This must be made quite clear if it is not already understood."

For dei som vil argumentera med at internasjonale lover og reglar ikkje var like klåre den gongen som no, so er Haag-konvensjonen frå 1907 verd å bita seg merke i. Her vert det eksplisitt slege fast at "[...] all the necessary measures must be taken by the commander to spare as far as possible sacred edifices, buildings used for artistic, scientific, or charitable purposes, historic monuments, hospitals, and places where the sick or wounded are col-

lected, on the understanding that they are not used at the same time for military purposes."

Legg ein Landkrigsordningi av 1907 til grunn, er det soleides klårt at at det å leggja gamle europeiske kulturbyar i grus var like mykje eit brot mot internasjonal lov og rett den gongen som det er no. I våre dagar er det kor som er ålmenn konsensus um at det å bomba sivilfolkesetnaden i ufredstider er for eit krigsbrotsverk å rekna.



Magdeburg i ruinar, januar 1945.

Lindemann den store

Av Alex Kurbanov

Lindeman-året vart markera i Noreg i 2012. Dersom ein tenkjer på kven Ludvig Mathias Lindemann var, so kjem ein snart i burti salmen «Kyrkja ho er eit gamalt Hus». Han hev havt mykje å segja for norsk musikk- og kultur heilt fram til i våre dagar. No assosierar ein namnet hans fyrst og fremst med kyrkje-musikk og salmesong i den nasjonalromantiske perioden. Det finst knapt ei kyrkjehøgtid som ikkje Lindeman hev skrive ein salmetone til. Mange assosierar t.d. joli med «Eit Barn er fødd i Betlehem», påska med «Paaskemorgen slukker Sorgen», pinsa med «Apostlerne sad i Jerusalem» og «Kjærleik, den er ljøsens Kjelde» og 17. mai med «No livnar det i Lundar». Alle er kjende og kjære norske salmar. Pluss endå fleire salmemelodiar båe i Norsk Salmebok og ikkje berre, hev kome ut frå Lindeman si penn. Under gravferd høyrer ein ganske ofte «Gud, når Du til oppbrudd kaller» med Lindeman sin melodi (dikt av Johan Lyder Brun). Og me målfolk minnst alltid «Nordmannen», mest kjend som «Millom Bakkar og Berg», på Ivar Aasen-dikt. (Den sistnemnte var for resten ståande i tidlegare utgåvor av SangBoken / MelodiBoken, tilliks med forskjellige salmar, bedehussongar og liknande, nesten atterst i boka.)

For oss nordmøringar er det ekstra ære og glede å heidra Lindeman fordi han kjem frå ei stor musikalsk slekt frå Nordmøre og Trøndelag. Faren, komponisten Ole Andreas Lindeman, var surnadøl, sorenskrivarson og elev av Israel Gottlieb Wernicke frå Bergen, og Wernicke var elev av Johann Philipp Kirnberger som i si tid var elev av C.Ph.E. Bach, sonen til J.S. Bach, so kom då Lindeman-slekti slik inn under rett lærar-elev-line heilt frå sjølvaste Bach og dimed vart dei sterkt prega og hevdsbundne til Bach sin polyfoni fleire ættleder framyver. (Det var for resten Ole Andreas Lindeman som i lag med Johan Henrik Berlin hadde skipa Det Thronhjemske Kammer-musikalske Selskab i 1786.) Sjølv Ludvig Mathias, sjuande barnet i familien, var fødd i Trondheim den 28. november 1812. Alt som 11 – 12-åring byrja han å vikariera som organist i Vor Frue kirke i byen. I 1833 fór han til Christiania for å studera teologi og musikk. Teologistudium fullførte han aldri; i staden byrja han som organistvikar for bror sin Jacob Andreas i Vor Frelzers kyrkje, no Oslo Domkyrkje. Frå 1839 og fram til han døydde 23. mai 1887 var han fast organist i denne kyrkja.

Lindeman var ikkje berre kyrkjemusikar og organist. Han spelte ogso cello og kontra-



bass, dirigerte kor og underviste i kyrkje- og skulesong, musikkteori og sjølvstøtt orgel. Samans med sonen Peter (1858 – 1930) skipa han i 1883 ein sokalla «Organistskule» som ganske straks utvikla seg til det fyrste musikkonservatoriet i landet. Millom fleire Lindeman-elevar kann ein nemna tri store komponistnamn: Johan Svendsen, Hjalmar Borgstrøm og Johannes Haarklou. Og samarbeidet med M.B. Landstad um hans Reviderte Salmebok (Lindeman komponerte ikkje berre salmemelodiar til Landstad sine dikt og umsetjingar, men ikkje minst laga han koralbok til Landstad si bok). Landstad og Moe si folkvisesamling gjorde Lindeman djupt interessert i folkemusikk (Interessa han eigentleg hadde havt sidan unge år), og sluttsatsen var fleire folkemusikksamlingar av Lindeman sjølv, den største av dei er «Ældre og nyere norske Fjeld-Melodier» i fleire hefte. Samlingi umfattar både religiøse og verdslige folketonar i fleire sjangrar, m.m. bonsullar, kjempevisor, instrumentale slåttar. Det var melodiar frå Lindeman si samling som Edvard Grieg brukte i sine «Fire Salmer» for kor - det siste verket som den sjuke Grieg hadde fullført sjølv. Lindeman komponerte ogso mykje klaver-, kammer- og kormusikk, utanom kyrkje- og orgelmusikk. Ein viktig del av dei mest skapande arbeidi (m.m. eit stort sceneverk, strykekvartetter og pianosonate) gjekk diverre tapt under ein stor husbrann i 1859 då komponisten var midt i livet. Ein del tapte verk kunne komponisten, sant nok, atterskapa sjølv etter minne, men iallfall var det sannsynlegvis ikkje mykje av det som hadde vore til.

I 1969 skipa barnebarnet Trygve Lindeman, cellist og dirigent, tidlegare direktør av Musikkonservatoriet i Oslo, som me nemnde ovanfor, Lindemans legat. Denne stiftingi

stod i dei fyrste fire år for drifti av konservatoriet, deretter tok staten over og namnet vart skift til Noregs Musikkhøgskole. Lindemans legat delar ut Lindemanprisen kvart år og dessutan hev dei i år laga eigi netsida for Lindeman-jubileet. Norsk Musikforlag, i samarbeid med Lindemans legat og Norsk Kulturråd, gav i 1983 ut noteserien «Lindeman-slekten i norsk musikk» i tri bind: bd. 1 – «Ældre og nyere norske Fjeldmelodier», bd. 2 – «Klaverbok» og bd. 3 – «Orgelbok».

Og Lindeman-slekti held fram å leva i vår tid. Den mest kjende målmannen er oldebarnet til Ludvig Mathias, hans son Kristian sr. sitt barnebarn, oppattkalla etter bestefaren, -komponist Kristian Lindeman jr. Kristian jr. ogso feirar runddato i år – 22. november vart han 70 år. Han hev komponert ei rad ovfagre pianostykkje. Nokre av dei hev artikkelforfattaren teke med i sitt repertoar.

Og heilt til slutt: Året 2012, Lindeman-året, er ogso året for ei stor og omfattande kyrkjereform. To ting som kanskje må høyra svært dårleg saman, to nesten polare ting... Er det berre eit tilfeldig samantreff? Eller eit tragisk paradoks?.. Vanskeleg å gjeva eit beinveges svar. Men kanskje er det ikkje heilt nausynt. Reformar er absolutt forgjevelege ting, dei berre kjem og gjeng, men norsk salmeskatt med Landstad sine dikt og Lindeman sin musikk i spissen skal leva ævleg i folkeminne, trass alle reformer, alle slags umskifte og kataklismar. Den er ein stor nasjonal kulturarv som ein ikkje skulle ha forsømt, iallfall!

Kjelder

- Cappelens Musikkleksikon. Bd. 4. J.W. Cappelen's Forlag A/S, Oslo 1979, s. 357 – 362.
Grinde, Nils. Norsk musikkhistorie. Ny revidert utgave. Musikk-Husets Forlag A/S, Oslo 1993, s. 111 – 119.
Hyldbakk, Hans. Vårsøg: Dikt i samling. Surnadal Heimbygdlags skrifter, 1997. (Ordet «surnadøl» er henta derifrå!)
- Lindeman-slekten i norsk musikk: Bd. 2. Fam. Lindeman's KLAVERBOK. Bd. 3. ORGELBOK. Norsk Musikforlag A/S, Oslo 1983.
Muzykalnaya Encyklopedia. Bd. 3. Moskva 1976 (på russisk).
Norsk musikk: En antologi ved Nils Grinde og Kåre Grøttum. Universitetsforlaget, Oslo – Bergen – Tromsø 1974, s. 40.
Tvette Vik, Randi. 2012 – Lindemanåret // Bladet KAMMERToner, nr. 1, 2012, s. 4.

Witchblood - Mangslungen metallmusikk

Av Ornella Winter

Witchblood let seg ikkje so lett setja i nokon bås. Denne gruppa er ihopsett av den kvinnelege musikaren Iron Megiddo og ymse høves-musikarar, ho er evlaust for ei metall-musikkgruppa å rekna. Men kva slags metall-musikk? Det spursmålet er ikkje like lett å svara på.

Prosjektet hev nyss sleppt ein EP, "Blood and the Elements", ei slags konseptplata der dei grunnleggjande elementa er gjennomgangsemnet. Eitt spor er tileigna lufti, eit anna til jordi, og endå eitt til elden. Den fire songar lange EP'en opnar med eit spor kalla "Iron on Iron" (elementet er lufti) som hev innslag av svartmetall og skrapmetall (thrash), låti er kann henda påverka av grupper som Absu og tidlegt Bathory. Det neste sporet, "Invocation of Blood and Soul", opnar med ein gitarsolo, og med den kjappe rytmen sin er denne songen trulegt den mest inntrengjande på heile upptaket - og solei-des tileigna elden. Han gjeng frå innslag av

skrapmetall, litt i same gata som Slayer, til daud-metall og lynande kjapp svartmetall.

Det tredje sporet er kalla "Within the Realm of Eternal" og tek seg inn i Samael-liknande trakter når det kjem til riffingi. Det er ei serskild blanding av svart og daud metall, der den tollegt jorda rytmingi koplar melodien til jord-ele-mentet. Det siste sporet er kalla "Blood and the Elements" og er tileigna vatnet. Det hev små drypp av tangentfjøl for å gjeva stemning, og opnar med klassisk gitarspel som gjeng i moll, men er det næraste ein kann koma "rein" svart-metall på heile plata.

Alt medrekna gjeng plata gjennom eit etter måten vidt lende av ekstremmetall, med sterke rytmar og melodiske gradsstyrkar (kvalitetar), og er vandskelegare å skildra enn dei fleste. Solide tonediktingar, hugnadlegt å lyda til, og ein finn ymsande songstilar (alt frå gryling og høgfrekvente skrik til hås klårsong med alt som kjem imillom), godt gitararbeid og soloar:



Denne EP'en bør vekkja åtgaum millom alle med ans for metallmusikk. Einaste åtfinningi fær vera at det var berre fire songar. Eg vonar at dei neste gongen kjem med ein retteleg fullengdar.

Idis Örlög

Av Ornella Winter

Med meir enn ti songar er Idis Örlög sin sjølvtitulerte demo uvanlegt lang til demo å vera. Attåt songen so er det einast naturlege spelgreidor (gitar, harpa, trumba, fløyta) som byggjer upp stemningi. Songane i seg sjølve tek fyre seg mytologiske emne frå den nor-røne gudeverdi. Ein skulde finna til prosjektet utfrå namnet og namnet peikar på at prosjek-tet er tileigna minne åt dei vernande krigarån-dene, idisane, som passar på skyldfolket og etterkomarane sine. Örlög er ei tilvising til lagnaden, og lagnaden åt dette prosjektet er å finna nyskapande tolkingar til å føra vidare folkeeventyr, folkevisor og andre åndelege ovringar som er nedervde.

Upptaks kvalitet og miksing er på det nivået ein kunde rekna med for ein demo, og

ljodstyrken brigdar seg frå spor til spor. Ljod-bilætet læt litt ruste, men det gjev tokken av at ein lyder til noko naturlegt og friskt, rett frå skogen.

Musikken hev innslag av nedervde folke-tonar, som her og der glid inn i strukturar frå vår eigen samtidsmusikk. Ei reint akustisk innspeling av "The Lake" (Bathory) er ei forvitneleg nytolking som høyrer fint heime millom dei hine songane.

Emni som songane tek fyre seg gjeng frå dei triste kjenslone og tårone hennar Frøya ("Amber and gold") til saga um då Odin ofra seg sjølv til verdstreet Yggdrasil ("Nine Days, Nine Nights").

Det frettet at ei retteleg fullengdsplata er i kjømdi, frå Wolftyr Productions. Eg gler



meg til å høyra korleis dette prosjektet kjem til å gå vidare.

Idis Örlog:



"The spiral tide of seasons"
Plateslepp på valborgsnatti:
<http://www.wolftyr.com/>

Fyrste Witchblood-EP ute no:

"Blood and the Elements"
Kolsvart fränkisk skrapmetall

Tinga plata på:

<http://witchblood.bigcartel.com>

<http://www.myspace.com/witchblood777>
<http://www.metal-archives.com/bands/Witch-blood/3540291885>

Intervju med Frakass

Av Ornella Winter

Frakass er ei gruppa som Målmannen alt hev teke fyre seg ved eit par høve, hyperaktive som dei er for tidi både med plateutgjeving og konsertar. Då Målmannen sende epost med spursmål til intervju, kom svaret frå Michel ei snaud vika seinare - saman med orsaking for det "seine" svaret. Det hadde ikkje late seg gjera å svara tidlegare, for han hadde i millomtid vore i Sudvest-Frankrike for å spela inn eit nytt album, han hadde gifta seg og han hadde vore i England i samband med ein konsert. Det er med andre ord tala um ei gruppa som hev nok av jarn i elden.

1. Heilt til å byrja med, kunde du ha fortalt litt um Frakass til dei av lesarane våre som enno ikkje kjenner til gruppa?

Frakass vart skipa i 1986. Dei som var med i gruppa var i snitt femten år gamle. På den tidi gjorde ikkje gruppa anna enn å spela andre sine låtar, og me rekna ikkje med at Frakass skulde verta ei gruppa som stod på egne føter. Fyremålet var ikkje anna enn å skapa god stemning i festlege lag millom unge rebellar i kvartalet vårt, "Les Etats" (det er eit ovstort kvartal i Lyon, styrt som ein liten by for seg sjølv). Desse konsertkveldane samla på lag 60 personar (punkarar og rockarar) der kvar og ein kunde få ut sinnet sitt.

I 1989 byrjar me skriva våre egne songar med titlar som "Ni rouge ni mort" (Korkje raud eller daud), "Légitime défonce" (Naudverje), og so burtetter. Men gruppa gjekk i oppløysing. I 1994 valde eg å skipa gruppa upp att etter tildriv frå plateselskapet LUG Records og ymse vener frå "Les Etats". I 1995 so gav me ut den fyrste demoen vår, og tri spor derifrå er å finna på samleplata "France Explosion 2". I 1997 gav me ut den fyrste plata vår, ho speglar av desse fyrste harde åri.

2-Korleis vil du skildra den nasjonale musikkscena i Frankrike?

Den nasjonale musikkscena i Frankrike greider seg etter måten godt og held seg stabil. Jamt og trutt dukkar det upp nye grupper, so framhaldet er sikra. Men eg veit reint ålment at gruppone i Frankrike er flyktige, og dei hev soleides vandt for å skriva seg inn i saga. Det er eit typisk fransk problem.

3.Kva er det som hev kveikt deg til å laga musikk? Eg tenkjer her både på melodiar og tekster. Kva for musikkgrupper hev vore dei viktugaste påverknad-



skjeldone dine?

Me freistar framfor alt å koma upp med opphavstrugne tonediktingar og få fram vår eigen stil, men me er samstundes sterkt påverka av andre grupper som me hev vore lydarar til: L'infanterie sauvage, Camera silens, Komintern sect, og so burtetter, for Frankrike sin part. Av utalandske grupper gjeng det mykje i britisk gatepunk, so lat meg til dømes få nemna The Exploited.. Inspirasjonen til tekstene hentar eg frå lesestoffet mitt, og det spenner seg frå F. Nietzsche til Platon, og dessutan ymse slags politiske verk. Eg er på same måten hugteken av den europeiske mytologien. Men tekstene er fyrst og fremst kveikte av det politiske og sosiale livssynet mitt. Eg plar segja at eg les aldri ei bok som ein bibel, og eg smir mine egne meiningar.

4-Frakass hev upp gjennom åri gjenge i etter måten mange ulike musikalske stemneleider. Kva meiner du er den beste plata som de hev gjeve ut og kvifor nett denne?

For kvar gong som me kjem ut med ei ny plata so tenkjer me at denne er den beste. Men i ettertid vil eg ikkje segja at me hev nokor serleg fyrsterangslåt når det kjem til dei platone som me hev gjeve ut.

5-Kva tankar gjer du deg du um den kulturelle og åndelege arven me hev i Europa? Kor viktugt er det å halda denne i live?

Den kulturelle og åndelege arven til Europa gjeng i våre dagar i oppløysing og er vorten sleppt ned av fleirtalet av europear- og det tener folk som ikkje hev noko å fara med og dei gjeng hand i hand med den etniske utvatningi ("metissage") i Europa. Den åndelege stoda i Europa er

ikkje noko anna enn restar av ein religion som alt for 2000 år sidan skipla dei europeiske kjerneverdiane. Den kulturelle og åndelege arven åt eit folk er berre lev-efør um dette folket vil vera til. I motsett fall so misser det røtene sine og sjeli si, og då er det ikkje lenger for eit folk å rekna. Difor er det so viktugt å halda i live den kulturelle og åndelege arven vår.

6-Kva er det som ein kann venta seg av Frakass i framtidi?

Me hev nyss gjort oss ferduge med den sjetste plata vår, som skal koma ut i februar 2013 (intervjuet vart gjort i 2012, red.). Og me arbeider nett no med det sjuande, der me alt hev skrive eit par låtar. Soleides er Frakass-eventyret langt frå budd på å koma til ein ende. Gruppa er meir samansveisa enn nokon gong.

8-På den siste plata dykkar, "L'appel des dieux" (Kallet frå gudane) er det ei låt som under titelen "Aux armes" (Til åtak) tek fyre seg den triste røyndomen som me uppliver i dag. Um framtidi åt Europa, kva tenkjer du?

Mediemakti og den intellektuelle meiningsterroren er slik at dei europeiske folki ikkje er reiduge til å vakna upp. Den einaste utvegen som me hev att er å sjå økonomien i landi våre ramla i hop, eine etter hin, som eit korthus. Og det er ikkje lenge att fyre det kan skje. Slik kjem folket til å missa den vesle velstanden som dei hev i kvardagen - og dette kjem visseleg til å verta etterfylgt av ungdomsuppreistar i dei afro-maghrebinske forstadene. Når borgaren uppliver at råskapen finn vegen inn i hans eigen heim, so skynar han kvar det er han høyrer til - og han kjem atter til å verta den krigaren

som han var fyre han vart sløva ned og lagd i tvangstrøya til bate for ein handfull mektige einskildmenne. Eg trur heilt ærlegt at Europa ikkje kann verta atterfødd or oska utan at det fyrst bryt saman frå innsida i ei stor øydingstid. Og um det ikkje hender, so kjem Europa til å døy. Dessutan so krevst det at europearane gjeng sigrande ut or øydingstidi, noko som ikkje er visst, det helder. Og di meir tidi gieng, di lengre undan er me frå denne moglege sigeren.

9-Når eg les teksti til songen "*Volonté de puissance*" ("*Vilje til makt*", frå siste plata), so undrast eg på um du er vorten kveikt av boki *l'Archeofuturisme* av Guilayme Faye. Kva er di meining um dei politiske teoriane hans?

Eg hev ikkje alltid vore hundrad prosent samd med synsmåtane åt Guillaume Faye, men eg tykkjer at Arkeofuturismen er ei av dei beste nye bøkene som tek fyre seg dei spursmåli me nyss hev vore innum. Boki er heilt i samsvar med det som hender i vår tid. Denne boki hev i røyndi inspirert denne songen. Og eg tykkjer det er både morosamt og tillitsvekkjande at det er nokon frå Noreg som steller meg dette spursmålet, sam-

stundes som at det aldri hev vore einkvan som hev spurt meg um det i Frankrike.

10-Er det ei serskild politisk rørsle som du styd?

Me hev arbeidt for rørsler av ymist slag, jamvel politiske parti, og me hev gjeve av både vårt blod og vår sveitte gjennom mange år. Men i dag er me ikkje lenger røyndt med i reint politisk arbeid, av di me tenkjer at denne vegen nett no er blokkert her i Frankrike tilliks med slik det er i ein stor part av Europa. I røyndi er det vorte umogleg å gjera røysti si høyrd gjennom politikken um ein ikkje vel å leggja seg under diktatet frå styresmaktene. Det gjer oss sers opprårde...

Nett no er me for det meste involverte i den kulturelle kampen, takk vere musikken.

Men her lyt du lyda nøgje etter kva det er eg segjer, for eg er ikkje tenkt å fortelja nokon at dei skal stikka av frå det politiske lendet, men snarare at kvar og ein fær vera verksam på det omkvervet der han høver best inn, og framfor alt at han hev ein urikkande styrke i seg.

I røyndi er det sjølvmod å draga seg attende. Ein lyt vera yveralt, må vita, og halda fram med å fylla upp gatone, fot-

balltribunane, fagforeiningane, dei politiske partii, musikken, og so burtetter. Me styd ikkje nokor serskild politisk rørsle, men me tykkjer at alle hev sin eigen tilværerett, jamvel um meiningane våre sumtid skil seg frå einannan.

11-Å vera tjodlynd i Frankrike, er det greidt eller vandslegt?

Det er i røndi vandslegt å liva i Frankrike dersom ein er nasjonalist, men eg tykkjer det er endå verre å liva i det vedvarande sinnet som me kjenner på når me ser at landet vårt kvar dag er vorte endå litt meir nedsarva enn det var dagen fyreåt, og er flutt endå eit steg vidare i ei leid som bryt fullstendig med vårt eige syn på verdi.

12-Kva er det du tenkjer um Noreg?

Eg hev aldri vore i Noreg, det einaste landet i Skandinavia som eg hev gjefta er Finland. For meg er Skandinavia for alltid vogga åt dei europeiske folki og kanskje jamvel det åt hyperborearane sjølve.

13-Hev du nokre siste ord?

Me takkar dykk hjartelegt for interessa som de syner for oss og for å ha gjeve oss høve til å ha ytra nokre ord på nordisk jord.

Med abnormalt hekseri strammar dei rennelykka i Providence

Av Olav Torheim

Det er ein sein augustkveld, og me er samla til døds- og skrapmetallkonsertkveld med dei amerikanske gruppone Abnormality, Noose og Hekseri. Og kva kunde høve betre til møtestad enn metallkneipa Dusk i Providence, heimegrendi åt skrekk-forfattaren H.P. Lovecraft?

Abnormality var den fyrste gruppa som var ute. Det er ei gruppa som er kjend for brutal og teknisk daudmetall på høgt nivå, og er aktuelle med plata "*Contaminating the Hive Mind*", som hev hausta god kritikk. Mallika Sundaramurthy er elles å rekna ein av dei betre kvinnelege daudmetallsongarane...

Neste gruppa ut var den lokale svartmetallgruppa Noose. Noose spelar tradisjonell, primitiv svartmetall, og hev tidlegare i år gjeve ut demoen "*Woe Unto You, Oh Earth and Sea*".

Det var likevel Hekseri som alle venta på til slutt. Hekseri hev fenge kultstatus i New England for å ha drive med dødsbrutal svartskrammelmusikk (black thrash death metal), men er sjeldne å sjå uppe på tilet av di dei tvo damone attum gruppa til



Til vinstre: Iron Megiddo frå Hekseri.

daglegt held til på kvart sitt kontinent (Iron Megiddo i Nürnberg i Tyskland og Larissa Glasser i Boston i USA). Den siste plata deira kom i 2010, men eit nytt album skal vera i kjømdi og under konserten i Providence kunde ein denne kvelden sanna at det var mange nye godbitar i vente!

For meg - europearen - var det forvitnelegt å sjå at den amerikanske hardkjerne-kulturen frå 1980 og 1990-talet



Til høgre: Noose.

hadde sett sine spor jamvel langt inn i metalscena, ikkje minst med den nære dialogen som artistane på scenen hadde med tilhøyrarane. Songaren i Abnormity tok seg etter måten mange rundar ned til tilhøyrarane med mikrofona, og for Noose sin part vart både mikrofonsstativ og gitar planta langt ut på tilgolvet.

Bathory: Vikingmetall-pionerane

Av Megan Leo

Den svenske musikkgruppa Bathory gjorde på 1980 og 1990-talet eit stort nybrotsarbeid på ei rad ulike omkverve innanfor ytterleggåande metallmusikk, med nyovringar som skapte både ordskifte og rå oppøsing. Kor som er, Bathory vart stort på det åndelege planet, fordi musikken deira verka vrydsam og nordisk når han tona ut og det skulde verta sjølve hjarta i arbeidet deira. Dette arbeidet byggjer millom på frø frå ei forfedreånd, mesteparten av arbeidet vart gjort på slutten av den musikalske karrieren deira.

Bathory vart skipa av Thomas Forsberg (Quorthon) in Vällingsby, Sverige, som i 1983 var 17 år gamal. Han tok til å gjeva ut råde plator fulle av ville gitarriff og skrik frå ei onnor verd. Stilistisk hev musikken frå dei fyrste Bathory-platone vorte rekna som fyrelaupar for dei norske svartmetallgruppene som dukka upp tidlegt på 1990-talet. Serleg på den tredje plata, *Under The Sign of the Black Mark*, kann ein kjenna på denne stemningi i låter som "Call from the Grave" og "Enter the Eternal Fire". Desse fyrste arbeidi vert ofte umtala som svartskrammel ("black thrash"), med kjapp rytme, nådelaus framføring, krasse tekster og med eit driv og ein energi som ingen kunde stogga.

Alt med musikkstykkjet "Equimanthorn", som er med på *Under the Sign of the Black Mark*, kann ein få kjensla av å lyda til ein berserk-krigar i det han skrik Odin-hyme som ein galning. Kor som er, den nordiske åndi hans Forsberg tok fyrst til å skina i det han byrja roa ned tempoet med *Blood Fire Death* frå 1988. Musikkstykkje som serskilt kunde nemnast er "Odin's Ride over Nordland", etterfylgt av "A Fine Day to Die". Jamvel um det framleis er mest på måfå, tek Quorthon meir og meir til å byggja fedrearven sin inn i teksttilfanget, med musikk som på høvelegt vis spegla dette att.

Stilen åt Bathory brigda seg drastisk då dei i 1990 kom med plata *Hammerheart*, der dei gjeng hovudstups inn i den nordiske mytologien, og der musikken målar fram landskap som høver til den kalde tundraen i nord, atmosfærisk i ljod og kjensla. Teksti åt "Shores in Flames" fangar viking-anden åt dei nordiske folki som reiste til land langt, langt burte:

"Mother winter leaves our land

And opens wide the seas

The lukewarm breeze does beckon me

As it whispers through the trees

It says: Set your sails

And let me take your ship to foreign shores

Take farewell of those near you

And your land of the North!

The wild cold deep black ocean's waves

Invites my hungry heart

Cry not my love I'll return

Only death can keep us apart

Oden in the sky up high

Let the Ravens of yours fly

To guide us on our sail to foreign shores

Let your Ravens fly"

Plata avsluttar med sporet "One Rode to Asa Bay", som jamrar ut um korleis dei nordiske folki vende burt frå dei gamle, heidenske jord- og naturnære vegane. Han knyter denne snunaden upp mot at den gamle nordiske mentaliteten meir og meir vart påverka av kristendomen.

"Twilight of the Gods", den næste plata som Bathory gav ut, gjekk vidare med å utforska arketypiske nordiske emne, men med eit Ragnarok-perspektiv um at den moderne verdi er falsk og dømd til å falla. Det episke opningssporet varar meir enn 14 minutt og flyt beint inn i den næste songen, kalla "Through Blood by Thunder", som atter glid saumlaust yver i "Blood and Iron". Sjølve plata er wagnersk i tekst og melodi, tungt bygt på dei same odinske røtene.

Etter å ha gjeve ut two thrash-plator til "Requiem" og "Octagon" (sumtid kalla "motorsykkelmusikk"), vende Forsberg attende til den nordiske metallmusikken sin.

Blood on Ice vart teke upp i 1989, men kom fyrst ut i 1996. Denne plata er fullt og heilt eit konseptalbum, ho fortel saga um ein nordisk krigar som er send ut for å hemna dei som er vortne kaldblodig myrda i landsbyen hans (etterlatne med spor av "Blood on ice"). Han møter ein Odin-liknande mann i skogen, hjulpet av ei slags stygg heksedama, og han ofrar bae augo sine og hjarta sitt for å fullføra oppdraget han er ute på. Plata hev mange innslag av tradisjonelle folketonar, og jamvel bard-liknande sogeforteljing. Songen "Man of Iron" er dessutan fullt og heilt akustisk.

Plata "Destroyer of Worlds" hev mange byggjesteinar frå "vikingmetallen", men tekstene gjeng i ei onnor stemneleid. Kor som er, etter utgjevingi i 2000, so sette Quorthon seg fyre å skriva, taka upp og gjeva ut Nordland-platone. Desse platone kom til å verta høgdepunktet av atmosfærisk, mytologisk nordisk metallmusikk, og skulde jamvel koma til å markera slutten på den kunstnarlege laupebanen hans. Nordland I og Nordland II tok lydarane med storm, i 2001 og 2003, respektivt. Dei var upphavlegt meint som dei two fyrste i ein serie på fire plator. Men Thomas Forsberg vart funnen død i 2004.

På Nordland-platone finn ein Quorthon sitt beste gitararbeid nokosinne, dugande trumming, og rein og klår song som er full av lovprising til den nordiske heimstaden. I tekstene fortel ein sogor um nordiske heltar og um tilknytingi til den nordiske naturen. Det er ein ubunden energi avspegla i desse arbeidi, og ei kjensla av rein kjærleik for dei nordiske landskapi. Desse platone gjev eit innsyn i ei verd som ein gong var, forma av forfedrane, og no finst ho einast att på det astrale planet. Ingen annan upptaksartist i metall-verdi hev tileigna seg mytane, arketypane åt krigaren, shamanen og søkjaren på det same høge nivået.

Nordland I opnar med ein dramatisk intro, som rydjer vegen for det ovstore ljodbilættet på sporet "Nordland". Her kjem Quorthon med lovsong til fjelli og det nordiske landskapet. Plata gjeng vidare inn i "Vinterblot", so til "Dragons Breath", og so kjem Forsberg med "Ring of Gold", der han er på sitt mest romantiske med ein song som gjeng rett til hjarta. Dette sporet fortel saga um ein nordisk helt som målber kjærleiken sin med ein gullring. Ringen bind dei two saman jamvel um han kjem til å setja segl og reisa burt for ei stund. Andre spor på plata er "Forever Dark Woods", "Broken Sword", "Great Hall Awaits a Northern Brother" og "Mother Earth Father Thunder".

Nordland II held fram i ei liknande ånd, med viking-eventyr og spirituelle røynslor fortalde i songar som "Bloodied Shore", "Vindland". Plata endar hardtslåande med "The Wheel of Sun", som er eit slags fyrebod um Forsberg sin eigen død:

"As sure as it is true once we all shall die

True it is not all men lives

A king shall fall

A child be born

The Gods will take and Gods will give

Before your time has come

Do climb your mountainside on a morning fair

And smell the fragrance carried by the wind

Let it blow freely through your hair"

Bathory heldt aldri nokon konsert. Dei var ikkje ei gruppa som andre grupper. Dei gjekk gjennom mange stiliske og lyriske fasar, dei livde ut ulike slags psykiske tilstand, serskilt det som hev med det nordiske lynnet å gjera. Frå djupe dalar til høge fjell, verdi åt dei gamle gudane vart mana fram att. Arbeidi hans Thomas Forsberg er viktuge musikalsk, måvita, men fyrst og fremst er dei eit nordisk kulturverk, eit vindauga til å skyna forfedrane våre og å røyna den nordiske sjeli.

Bakgrunnsartikkel: 30 år med nasjonal musikk

Av Ornella Winter

Målmannen hev i dei seinaste utgåvone teke fyre seg tjodlynde musikkgrupper av ymist slag, seinast med intervjuet med franske Frakass. Det er soleides tid for å samla trådane og gjeva eit yversyn yver kva som finst av alternativ nasjonal musikk Europa rundt,

Vikingrock

Vikingrocken oppstod i Sverige på slutten av 1980-talet. Nett på den tidi då folk flest trudde at punkrocken var daud, so oppstod han på nyo i viking-skipnad. Det var gruppa Ultima Thule frå Nyköping som gav ljos til ein heilt ny genre med di dei med utgangspunkt i røff britisk gatepunk byrja eksperimentera med å leggja inn brotstykkje av rockabilly, folkemusikk og vanleg populærmusikk. Tekstene tek fyre seg historiske emne som vikingtidi og bragdene åt krigarkongar som Karl den tolvte, men gjerne med samfundskritiske koplingar inn i vår eigi samtid. Resultatet var eit konsept som fekk Ultima Thule til å få distribusjonsavtala med EMI, og dei rakk å flyga heilt til topps på dei svenske hitlistone. I kjølvatnet av Ultima Thule kom det nye grupper til, som til dømes Enharjarna og vårt eige norske Glittertind.

Vikingmetall

Ogso dette er ei musikkretning med opphav frå Sverige. Svartmetallgruppa Bathory hadde ikkje fyrr vore pionerar innanfor tidleg svartmetall, fyre dei gjekk vidare og grunnla ein heilt ny genre, kalla vikingmetall (sjå artikkelen av Megan Leo um vikingmetall-pionerane i Bathory).

Identitetsrock

Identitetsrocken oppstod i Frankrike på midten av 1990-talet, kalla rock identitaire française (RIF), og er på mange måtar det

franske svaret på den svenske vikingrocken. Musikalsk er det ein miks av punkrock og populærmusikk, og tekstene tek fyre seg historiske og politiske emne, med tjodlynd, samfundskritisk tilnærming. Grupper som kunde ha vore nemnde er til dømes In Memoriam, Insurrection, Vae Victis og Hotel Stella. Eller gruppa Fraction, som fyrst og fremst er kjend for di at gitaristen, Fabrice Robert, seinare skulde verta leidar for den framgangsrike politiske rørsla Bloc Identitaire (sjå artikkel i dette nummeret um dei identitære).

Tjodlynd hardkjernerock

Hardkjernerocken er ein sers hardlyndt og stridhuga punkrock, og utøvarane meiner at han målber kjerneverdiane innanfor punkrocken, som til dømes det å lata gode livsverdiar få fylgje av ein god livsstil, og at ein kann stå saman um å skapa noko i lag. Jamvel um punkrocken ovra seg fyrst i kringvære på vinstresida, skulde det berre vera på sin plass at denne genren vart utvida av grupper med tjodlyndt og fosterlendsk tilnærming. Serleg i Tyskland stend den nasjonale hardkjernerocken sterkt, med framifrå grupper som til dømes Moshpit og Thrima.

Tjodlynd rap

Den tjodlynde rapmusikken er ein ny genre som hev dukka upp i dei seinaste åri. Meiningane um hip-hop kann nok vera kløyvde, men artistar som Goldofaf (Frankrike, sjå nummer 1 2011 for umtala av Goldofaf) eller Dee Ex (Tyskland, intervju med henne kjem snart) hev i alle høve vel so gode låtar som dei som elles sirkulerar på hitlistone, og der dei når ut til eit større publikum med tekster som hev positivt og oppbyggjelegt innhald med patriotisk tilnærming, i staden for tekster um vald, sex og dop..

Nasjonalsinna svartmetall

Den fyrste nasjonalsinna svartmetallgruppa var norske Burzum. Medan norsk svartmetall sidan hev gjenge i meir upolitisk leid, finst det i Aust-Europa eit stort kringvære av svartmetallgrupper som hev reindyrka ei stilretning der tematikken gjeng på tradisjonell europeisk identitet og den gamle heidenske arven vår. I Ukraina og Russland finst det hopetal med grupper som gjeng i denne stemneleidi, til dømes Kroda og Drudkh.



Drudkh (svartmetall frå Ukraina).

Heidensk folkemusikk

Den heidenske folkemusikken hev sitt opphav i svartmetallrørsla. Svartmetall er i utgangspunktet ein myrk musikkstil der det meste gjeng i moll, og der vegen til å henta idear frå folkemusikken ikkje er serleg lang. Byter ein ut elektrisk gitar og slagverk med akustisk gitar og sjamantrumme, so byrjar det alt å likna noko meir autentisk nordisk og indo-europeisk. Millom dei tallause gruppone som hev etablert seg innanfor genren kann ein til dømes nemna Arkona (Russland) og Falkenstein (Tyskland) eller Idis Örlög og Eliwagar (Noreg).

Neofolk

Neofolk er ei musikkretning som oppstod i England på midten av 1980-talet, og der gruppone Death In June og Sol Invictus var millom fyregangsmennene. Neofolken hentar inspirasjon frå folkemusikk og punkrock, men med ei instrumentering som opphavlegt avgrensar seg til akustisk gitar, fløyte og sjaman-trumba. Tyske Forseti er dømme på denne fyrste generasjonen av neofolk-grupper, der uppskrifti var song med monoton røyst og arpeggiospel på gitaren med tvo eller tri akkordar. Seinare neofolk-grupper hev gjenge vidare og millom anna arbeidt inn brotstykkje frå elektronisk musikk, eit dømme på dette er svenske Stormfågel eller Ordo Rosarius Equilibrio.

Me kann sjå av yverskriftene her at utvalet er stort av ulike slags genrar, alle er fylde med kvalitetsgrupper, og det er ikkje so reint lite. Um ein er gamal eller ung, gjeng i harringtonjakke eller lusekufte eller med saggebukse - alle finn likevel noko som dei likar. Og kven veit, um nokre år lyt nok lista utvidast endå meir. Den nasjonale musikken er komen for godt.



Ultima Thule (svensk vikingrock).

Uppstoda av manneætti frå eit nordisk-mytologisk synsleite

Av Torwin v. Runenfrost

Etter at Kosmos hadde vorte forma av Ymir sin lekam, so jaga æsene jotnane burt til utkanten av verdi. Høgt uppe bygde æsene Asgard, verdi åt gudane av åsaslekt. I midten lagde dei Midgard, verdi som snart skulde høyra til menneskebroni.

Wotan såg at larvar og ormar kom krabbande ut or kroppen på den daude Ymir, og han gav Heimdall å oppgåva å forma dei fyrste menneski frå desse livendi. Desse kunde kor som er ikkje på nokon måte måla seg med æsene, og Wotan var ikkje nøgd med dei. Dei var misforma, stygge og dumme.

Dimed laut Wotan atter senda Heimdall til Midgard. Men denne gongen fekk han med seg blod frå gudane for å skapa ei manneætt som var Asgard verdig. Slik skapte Heimdall Jarl-ætti (etter nokre freistnader som fyrst hadde ført til træle-ætti og dinæst til karle-ætti). Jarleætti hev tradisjonelt vore ætti åt leidarane. Denne ætti hadde ljøs hud med blondt hår og blåe auge. Dei hadde noko uvanlegt vent yver seg, og dei var sers kloke og gåverike. Ofte vert desse i mytologien umtala som solmenneske.

Heimstaden åt desse solmenneski var det som er vorte kalla for Atlantis. Atlantis kom jamt og trutt under åtak frå jotnane som kom frå utkanten av Midgard (jord-skjelv og flaum), og slik gjekk det til at denne staden ein dag sokk i sjøen. Sol-

menneski frå Atlantis vandra no ut og busette seg yver heile Nord- og Aust-Europa. Slik kom nye folkegrupper til å sjå dagsens ljøs.

Frå denne saga kann me lære at me menneske halvvegs er av gudeætt. Me hev fenge blod frå gudane, me ber sjølve på noko guddomlegt inne i oss. Samstundes hev me fenge kjøtet vårt frå jotnen Ymir.

Kva var so meiningi med dette? Kvifor hev gudane i det heile skapt oss? Me er på jordi for å lære og ikkje for å lida. For å verta vise. Alt hev si meining, og det er ingen uforsonleg dualisme, men snarare ein slags harmoni, millom dei tvo ulike kreftene som held mennesket i hop. Ljøs og myrke, oppbyggjing og øydeleggjing, dei er bære like relevante. Gudane knytte seg upp mot jotnane for å få samband til noko fysisk og handgripelegt - for berre slik kann dei påverka det som hender i den fysiske verdi. Dei treng oss for å kunna nå måli sine.

Åndi vår er sett i hop av småe stykkje av det guddomlege, som me kjenner frå Wotan, Odin eller Svarog (germanske, nordiske og slaviske namn for det same). Kvar gong når me døyr, so vender desse framleis like reine stykkji attende til det guddomlege - fyre dei atter vert sende attende til jordi, og me vert atterfødde inn i ætti vår. So strævar me atter etter visdom og styrke, fram til neste gongen me døyr.

Me er skilde frå sjølve guddomen so lenge me er på jordi, men guddomen sjølv vert styrkt gjennom vår eksistens.

Skulde me ein gong gjennom livet makta koma til fullkomen visdom, so kjem me til å venda attende til det guddomlege og endelegt berre verta verande der. Som ein part av det guddomlege og det heilt inn i æva. Dette tilstandet er betre kjent som Valhall, og det hev inkje med dei kristne fyrestellingane um eit fysisk paradís å gjera. Det kann snarare jamførast med det hinduistiske Nirvana.

Den einaste måten å nå Valhall på, og verta endelegt samanslutta med det guddomlege, er å vera og å verta. Å streva etter visdom og å liva slik som me er meint å liva. Di meir rettivist me liver, di nærare er me det guddomlege. Alt me hev av fysisk trong og fysiske dragnader er noko som kjem frå jotnane. Slik gjeng det fyre seg ein kamp i oss, millom kjøtet åt jotnane og åndi åt gudane. Ein æveleg dragkamp. Men hadde me ikkje havt kjøtet åt jotnane, so hadde me ikkje kunna øksla oss, me kunde ikkje eta og drikka, me hadde berre drege attende til det guddomlege utan at me fyrst hadde fenge gjort noko for å verta betre eller sterkare. Me hadde vorte verande guddomlege, men me hadde ikkje vorte noko betre på noko slags umkverve, og eksistensen vår hadde ikkje tent til noko fyremål.

Rosenrot og taklauk, sedhevd med djupe røter

Av Eirik Storesund

Det er eit kjent faktum millom urtekyennarar at rosenrot (*Rhodiola rosea*) merkjer seg ut på etter måten mange måtar. Ein kvalitet med denne planta som kanskje er mindre kjend, er korleis ein frå gammelt av hev bruka hava denne planta på norske torvtak. For det vart sagt at han verna mot husbrann og hindra ljonnedslag. I ei segn frå Trøndelag vert det sagt at toreversguden Tor hadde gjeve lovnad til Maria møy um at han ikkje skulde slå med ljonelden i dei husi der han såg rosenroti på taket. Ein annan ting er at rosenroti har eit rot-system som legg seg breidt, og som rømer mykje væske. Dimed skal den liggja som eit naturlegt brannteppe i torvtaket, um so sumeren var aldri so turr. Sant skal det jamvel vera at rosenroti gjerne vart nytta når det skorta på taklauk, ein lauk som var vidkjend kringum i Europa til bruk mot eld og torever.

I Norden kan han dessutan kallast for huslauk, som svarar til det normøne namnet, húslauk. I svenske dialektar har dei kalla honom Thoreskäg, til liks med den tyske formi donnerbart («toreversbart») og det gamalengelske navnet þunor-wyrt («toreversurt»). Det er ikkje



Rosenrot.

utenkjelegt at den elska og hata smånesla (*Urtica Urens*) hadde ein liknande funksjon, sidan dei i Södermanland hev nytta nemningi Thors-nässla. Det er berrsynt at toreveret hev sankt både otte og ovundring millom forfedrane, der det hadde ein ikkje so reint liten funksjon i verdsbilætet deira. Når ein ferdast i krysselden millom maktene, so er det godt å vera fyrebudd, noko som heilt klårt vert spegla att i dei mange skikkane og tabui i folketradisjonen, og ikkje minst i fyrestellingane um rosenroti og taklauken. Opplysningane um taklauke si evna til å hindra torever gjeng som ein raud tråd frå dagsens bygdesamfund og attende til den lærde antikken, og må difor vera sers gamal. Dette gjer samstundes at opphavet til tradisjonen er gåtefullt. I alle høve veit me at dette er røter som stikk både djupt og breidt.

Vadim Zeland's Transsurfing

Av Megan Leo

"Transsurfing" er eit umgrip innført av fysikaren og informatikaren Vadim Zeland. Det gjeng ut på at ein sjølv kann velja sin eigen røyndom, og at draumar, ynskje og hug-mål kann gjerast til røyndom når ein gjer eigne val. Dette er eit emne som mange alt er kjende med gjennom til dømes den populære boki og filmen "The Secret". "The Secret" segjer at berre du trur sterkt nok på det sjølv, so kjem du til å lukkast med alt det du gjeng inn for å lukkast med. Alt det du ynskjer deg er sikra berre du hev sterk nok tru på det. Du kann tru på det eller ikkje, men slik vert det sagt. Men det er meir i det enn berre dette. Transsurfing gjeng utyver vanleg "positiv tenkjing" og fortel kvifor me ofte endar med å få det me aller minst ynskjer oss. Han innfører umgrip som "jamvektsskrefter", "variasjonsrom", "gliding" - og serskilt "val" - og han nyttar desse umgripa til å skildra korleis me byggjer våre eigne liv og lagnader. Transsurfing gjev oss dessutan eit einestående utsyn yver det som Zeland kallar for "pendelrørslor".

Det finst ein grunnleggjande balanse i heile Universet. Naturi søkjer balanse, og mennesket vert påverka av dei kreftene som finst i universet. Dette vil til dømes segja at når me legg altfor mykje vinn på eitkvart, so vert det sett i sving krefter som freistar motverka dette. Um me braglar og skrøyter eller kjenner oss store og mektuge, so kjem det til å vera krefter i universet som vil avleida denne overskotsenergien.

Det Zeland kallar "variasjonsrommet" er noko slikt som ein leikeplass for ulike parallelle univers. Dei livi me liver er tufta på kva for nokre av desse parallelle universi det er me vel å gå inn i med tankane våre. Um tanke-vibrasjonane våre svarar til ein serskild variasjon, so er dette det som kjem til å koma til uttrykk i livi våre. Um me ikkje er nøgde med stoda slik som ho er, so kann me brigda kvaliteten på tankane våre og soleides koma til nye resultat.

"Glidingar", slik Zeland skildrar det, er aukeglas (linsor) som me ser verdi gjennom. Når me byrjar sjå oss sjølv på negativ vis, kanskje "for tjukk", "for dum", og so burtetter, då er dette det som kjem til å verta spegla attende til oss - jamvel um det faktisk ikkje skulde vera slik.

Zeland understrikar kor som er at ein kann nytta "glidingar" til å uppnå positive resultat med. Du kann velja sjå på deg sjølv som intelligent, intellektuell, hugtakande og ven, og

dinæst liva ut dette bilætet av deg sjølv i dagleglivet. Jamvel um du ikkje maktar lura deg sjølv til å byrja med, so kjem denne "illusjonen" til å verta røyndom um ein berre er uthaldande nok. Det som det handlar um er å få ånd og intellekt til å spela i lag. Det som åndi strevar etter, og som fornufti tenkjer er moglegt å få til, det hev ein kraft nok til å arbeida fram. I motsett fall, når fornufti gjeng på tvers av det som åndi strevar etter, so hev ein fenge ein blokade.

"Pendelrørslor" er ei sers forvitneleg ovring, med di verdi er av full av deim. I eit ideellt pendelsystem kann pendelrørsla halda fram for alltid, men i eit pendelsystem som ikkje er ideellt vil friksjonen i systemet føra til at pendelrørsla langsamt døyr ut um systemet ikkje vert tilført ein impuls utanfrå. Det er denne siste typen pendelsystem som Zeland skildrar. Eit system, ei eining, ein ide, som treng vedvarande tilførsel av energi utanfrå for å ikkje langsamt døy ut. Nokre døme kunde vera styresmaktene eller ein person styrd av sitt eige ukontrollerte sinne (der "sinnet" eller dei bisnelege kjenslone vilde ha vore pendelen). Ein person kann sjølv henta den energien som han treng, medan eit pendelsystem treng tilførsel av energi frå andre for å kunna halda det gåande i lengdi.

Ei riksmakt er ein skipnad laga til av menneske, det hadde ikkje eksistert um det var menneske som mata energien sin inn i det. Det skræmer deg med di det trugar deg med bøter, fengsel, og so burtetter, um du ikkje lyder det. Det er di eigi redsla som sikrar at systemet kann få lov til å halda fram.

Dersom ein ynskjer å sjølv velja kva slags røyndom ein skal liva i, so lyt ein slutta å gjeva energi til negative pendelsystem. Det heiter, å slutta attleta på alt, slutta ottast, slutta tvila, med di alt dette berre bringar ein det som ein minst ynskjer. I verste fall risikerar ein at ånd og fornuft tek til med eit negativt samspel, der negative og hatefulle tankar vert para med ventnader um at det ein ikkje ynskjer mest sannsynleg er nett det som kjem til å skje. Ingen god kombinasjon...

Me vert dragne mot det me matar energien vår inn i, og *medvit* er soleides eit lykjelord. Medvit um kreftene i universet, i naturi, i samfundet ikring oss, og um korleis alt dette verkar inn på oss. Skal me gjera verdi til ein betre stad, lyt me fyrst ta til med oss sjølv. Og for han som vil koma vidare personlegt er kjenslivet vel so viktugt som den kalde fornufti. Vakkn opp og ver medviten!

Samrøda: Alberto Torresano

Målmannen hev møtt Alberto Torresano, tidlegare generalsekretær i La Falange, rørsla som styrde Spania fram til 1975. Torresano kunde fortelja um eit langt politisk liv, som han tok til på berre 11 år gamal med det som vart kalla Ungdomsfronten.

Torresano er dessutan målmann so godt som nokon, han hev studert filologi både i Frankrike og i Tyskland og er vorten professor i spansk språk og litteratur.

Um rørsla si, La Falange, fortel Torresano at det er ei rørsle som korkje stod til høgre eller til vinstre, dei vilde samla heile folket. Dei ynskje ikkje å kalla seg for eit parti, med di dei ikkje vilde taka parti for nokor serskild gruppa i samfundet.

Sigeren i 1939 førde etter Torresano sitt syn til at Spania vann jamvekta og einskapen attende. Samstundes sikra dei nye styresmaktene arbeid til alle.

Men sidan 1975 hev det liberale demokratiet gjeve landet fem millionar fatige, den nasjonale einskapen er truga av ei rad ulike separatistrørslor, og meir enn ti prosent av folkesetnaden i landet i dag er framandkulturelle innvandrarakar.

Dei fleste minnesmerki frå den nasjonalistiske epoken er dessutan vortne rivne ned. Politiske rørslor som hev vilde føra vidare den nasjonal-syndikalistiske ideologien åt La Falange er vortne forfylgde. Det einaste monumentet som dei nye styresmaktene ikkje hev våga øydeleggja er den mektige "dalen åt dei falne", men jamvel her gjeng ordskiftet um kva som skal henda.

Dei som tapte den spanske borgarkrigen valde å flykta til Frankrike. Her vart dei verna av dei vinstreorienterte franske styresmaktene. Den einaste opposisjonen som var att innanfor spania var den monarkistiske opposisjonen, men desse gjorde til gjengjeld eit solid undergravingsarbeid, etter Torresano sitt syn. Han syner dessutan til at den spanske kongefamilien ikkje er røynelegt spansk, men høyrer til det franske Bourbon-huset.

Dvergemalet

Er det slutt på moderniteten?

Av Lars Bjarne Marøy

Målmannen hev fleire gonger synt til hevdslinor og hevdsvunnen kultur og liknande. Brytingi millom gamal hevd og nye tider er noko som hev funnest til alle tider. Det skiljepunktet som hev kome klårare fram dei siste 250 år knytter seg til den franske revolusjonen. Opplysingstankane er velkjende, men kva tankar som voks fram og som av sume vert kalla det moderne prosjektet og mot-tankane til den franske revolusjonen og korleis dei påverka oss, det er vel kannhenda ikkje noko som ein vanlegvis fær høyra so mykje um.

Frankrike skaka resten av Europa med den franske revolusjonen i 1789. Det førde til at andre land i Europa måtte leggja ein plan, so dei kunde møta den europeiske stormakti, Frankrike. Opplysingstankane var vanskelege å avvisa, men avvisast måtte dei. Dei færreste statsleidarane i andre land vilde ha noko av at ein skulde ha oppstandar, krav um politiske rettar for nye grupper i samfundet og aller minst maktyvertakingar med valdsbruk.

Det galdt med andre ord um å finna fram til måtar å stogga tankane på, slik at tankane ikkje vart til handling. Ein måtte iallfall visa at dei som gjorde ålvor av tankane, ikkje skulde vinna fram. Ein tenkte seg framfor alt at ein måtte slå til mot kjernelandet Frankrike. Dersom Frankrike vart yvervunne, kunde sigerherrane syta for at det nye styresettet som var på veg, ikkje breidde seg.

Frankrike såg fyre seg ein krig med Austerrike og Preussen og gjekk sjølv til forkjøpsåtak mot Austerrike. Millom 1792 og 1795 var Frankrike i krig, men etter kvart vart det berre Storbritannia og Austerrike som stod att som motstandarar. Seinare kjem naturleg nok napoleonskrigane og samgongslandi vinn til slutt siger yver Napoleon. I 1815 vart det klårt nok at revolusjonen møtte motstand og at revolusjonstankane vart kraftig bremsa.

Likevel er det kome upp nye fyresetnader for å driva med statsstyring. Det nyttar ikkje lenger å avvisa frihandel, borgarskapen vert ei mektigare samfundsklassa, adelsstanden misser privilegia, tanken um folkerepresentasjon spreider seg - men vert halden nede etter beste evna.

Det moderne mot eit metningspunkt

Ein kann vel slå fast at den franske revolusjonen hadde spreidd ein heil del tankegods, men at dette tankegodset ikkje let seg gjennomføra fullt ut. Kva var det som bremsa desse tankane? Dette spørsmålet kann vera vel so dagnært i våre dagar, for i våre dagar kann ein vel segja at folk steller spørsmål ved um det

sokalla moderne prosjektet som vart innleidd med den franske revolusjonen og oppbrotet med tidi fyre, hev nått eit høgdepunkt. Idealismen frå revolusjonen hev vunne fram i politikk og samfundsstyring like til no, men no let det til å ha kome til eit metningspunkt.

Fyrr i tidi var det breide grupper som vilde ha gjennom viktige politiske saker som femnde um mange. I dag hev personlege rettar vorte til umfemnande rettar for einskildpersonar og mindretalsgrupper. Politikarane hev vorte ei eigi interessegruppa og fagpersonar innanfor jus, økonomi, journalistikk m.m. kann køyra eigne kampanjar for grupper av menneske som vil påverka samfundsvokstere.

Andre ser vel fyre seg ein vokster som gjeng i ring der noko av det gamle kjem attende. Ein kann sjå det slik at den franske revolusjonen opna for so mektige krefter at um ein skulde føra desse tankane til endes, hadde det ikkje vorte råd å taka vare på åndelege krefter som strekkjer seg langt attende. Dei mest ytterleggående kreftene under revolusjonen ynskte ikkje nokor religionsutøving. Dei hadde til mål å få burt kristne sinnbilete og sermerke på alle frontar. Det vart jamvel sett i gong freistnader på å innføra ein ny kalender. Ein vilde attende til år 0, men lukkast ikkje.

Seinare freista millom anna kommunistane i Sovjetsamveldet å få sett kyrkja til sides og gjennomføra ei heil avkristning. Det ser vel like fullt ut til at den ortodokse kyrkja hev yverlevt, jamvel um kristendomen langt frå stend so sterkt som han kunde i Russland. Religionen er likevel framleis ei sterk kraft. Det er avgrensingar på kven som fær driva misjonsarbeid i Russland i dag. Religiøse grupperingar vert alto yverstyrde og i mange høve stogga. Tilliks med at ein stoggar mottevarar til den ortodokse kyrkja, vert det å krenkja kyrkja sett på med motvilje. Pussy riots, det russiske punkbandet, vart skulda for gudsspotting mot kyrkja som maktsymbol. På den andre side vert det sagt at den ortodokse kyrkja må stydja dei politiske makthavarane anten dei vil eller ikkje.

Russland er langt frå det einaste landet der det er gjort inngrep og sett avgrensingar mot religiøs forkynning, landet fylgjer berre i same fotefar som mange andre statar. I den islamske verdi vert misjonssamskipnader og dei som finn åt mot islam oppfatta som uroskaparar som det må slåast ned på.

Ein kann vel, kor som er, slå fast at kristendomen i Vest-Europa vart underlagd staten med dei statsberande kyrkjone. Det var i røyndi ei kraft som melde seg alt med reformasjonen. Vokstere på 1900-talet hev gjort

kyrkjone veikare. I nokre land vart dei meir politisk styrde, men med kvart vart dei lausrivne frå statane og berre bruka når statlege eller andre krefter fann nytte i å bruka deim.

På den andre sida, kva er svaret på sekulariseringi? Hjelper det å gjeva folk meir fridom?

Den menneskelege fridomen kjem kannhenda ikkje til å verta større enn i dag. Det kjem kannhenda jamvel eit atterslag. Verdens råvaretilgang rømer ikkje endelaus materiell vokster. Energikjeldone hev grensor, og jakt på nye råemne er nådelaus. Oljesektoren er eit døme på korleis det vert drive rådrift på ressursar, gruverdrift eit anna. Barnearbeid finst det enno, jamvel etter 200 års revolusjonstankar. Krig og elende merkjer mange land.

Den frie moralen fører ikkje berre til gode for alle menneske - fridom for ein part kann føra til ufridom for andre. Det vert snakka fint um menneskerettar, men dei fleste land i verdi bryr seg ikkje meir med menneskerettar enn at dei vil ha mest mogleg ut or handelssambandi med andre land som bryt menneskerettane. Ytringsfridomen vert sett upp mot valdsbruk og trugsmål. Unge menneske vert drepne når dei vil ytra seg um politikk. Verdi hev ikkje kome so langt som ein skulde ynskja. Hev me nått eit metningspunkt? Hev folkeopplysingstankane frå 1700-talet kome til vegs ende?

Det er grunn til å setja seg inn i tankane kring det moderne prosjektet og tankane til dei som var kritiske til den franske revolusjonen alt i den tidlege reaksjonstidi. Samfundet var so langt frå framifrå fyre opplysingstankane vann fram, men idealtypen på eit folkestyre finn ein snaudast når opplysingstankane var i sin spede barndom på slutten av 1700-talet og tidleg på 1800-talet. Det er like fullt her, når tankar vert til handling, at ein må starta og dinæst sjå frammyver i tid mot vår eigi tid. Det fyrste me må verta klokare på er det moderne prosjektet.

Tankane i det moderne prosjektet

Det moderne prosjektet vert umgripsfest på minst tvo måtar. Umgripet vert knytt til ei stor rørsle av nytenkjing i tidi millom år 1500 og år 1800, der fornuftstenkjing og oppgjer med hevdsvunne maktpersonar og maktformer kom jamt meir til uttrykk. I oldtidi vart religion og filosofi knytte saman med naturvitenskapen. Desse bandi slitna på 1600-talet. Då bandi gjekk kvar til sin kant, vart naturvitenskapen knytt til å røynd ut korleis verdi verka utfrå sjølvstendige grunnsetningar. Dei lange tidslinone kann visa til det som gjev meining

utfra ein filosofisk ståstad.

Dersom ein derimot tenkjer på det moderne prosjektet utfra samfundsvitskaplege grunnsetningar, kann det vera vel so naturleg å setja upp det moderne prosjektet som eit prosjekt som bitt seg saman med dei politiske umveltningane på 1700-talet. Då vil ein gjerne visa til opplysningsfilosofien og til samfundsumlagingane i den franske revolusjonen og den amerikanske lausrivingi.

Det moderne prosjektet vert gjerne knytt upp til politiske eller opplysningsfilosofiske tilnærmingar. Trui på fridom, sanning og metode er framherskande. Den vitskaplege rasjonelle tankegangen tvingar seg fram, og han formar um på tenkjingi innanfor mange umkverve. Samfundet fyre den franske revolusjonen var millom anna merkt av ymsande gradar med føydalisme, einevelde, lagdeling i samfundet og bindingar på menneskeleg samkvem. 1800-talet er det hundreåret då liberalismen og vitskap opnar upp for nye måtar å skipa til jordbruk, handel og samferdsla. Skilnaden millom menneski vert mindre. Vitskapen skapar ei industriverksemd som gjev folk tilgang til alt fleire hjelpemiddel og nye varor: Frå hermetikk til medisin med nye kjemiske blandingar, frå sykklar til dampbåtar, frå elektrisk straum til olje og gass. Liberalismen legg til rettes for at dei vitskaplege framstegi kjem ut til folk og at dei vert tekne i bruk.

Sanning og vitskapleg metode

Dersom ein ser fyre seg det moderne prosjektet som noko som tok til med den franske revolusjonen, kann ein leita fram til nokre sentrale sidor ved dette prosjektet som var viktige på 1800-talet og som kannhenda er like viktig å gripa tak i dag, um ein skal verta klokare på den tidi me lever i, og korleis verdssoga hev påverka oss dei siste 200 åri.

Me kann taka til med stikkordi sanning og metode. Det moderne prosjektet tuftar seg på at det finst nokre grunnleggjande meiningar som byggjer på sanningar og som metoden finn fram til. Dei grunnleggjande meiningane er gjerne knytte til Gud, idear eller ein substans som ofte vert knytte til det menneskelege røynslefeltet. Sanningi vert sett inn under noko som gjeng utyver normale grensor, til og med noko yversanseleg eller transcendent. Når metoden fær arbeida utfra dei grunnleggjande meiningane, kann den eine meiningi vinna fram i tevling med den andre. Slik kunde til dømes prestar koma fram til at dei ikkje lenger kunde tru på Gud. Vitskapsmenn kunde koma fram til nye slutningar som til dømes oppdagingi av elektromagnetismen. Bønder kunde koma fram til at dei måtte leggja um jordbruket. Industrieigarar kunde koma fram til at dei laut nytta nye maskinor um dei skulde

lukkast i næringslivet og so burtetter. Når menneske byrja å leggja um tenkjingi si samstundes, gjorde det um på heile samfundet. *"Dagsens problem kan ikkje løysast gjennom å tenkja på same måte som då me skapte deim"*, sa Albert Einstein. På mange måtar kann ein segja at livet hev arta seg slik for menneski dei siste 200 åri. Nye teknologisk framsteg kjem til, men dei skapar nye vanskar som gjer at me må tenkja i nye samanhengar.

Det ein hev kalla siste-instansane er ein viktig einskildlekk når ein skal skyna drivkreftene i det moderne prosjektet. Ein er ute etter å finna fram til kva som er opphavet til ymse ovringar, og siste-instansane vert knytte nærare saman med mennesket. Ein tenkjer som empiristane at berre det me kann røyna gjennom sansane danar grunnlaget for viss kunnskap. Ei onnor løysing er å lita på vitugskapen. Kant set subjektet og vitugskapen som siste-instans. Når alle menneske samlar seg um røyndi på same vis, då er kunnskapen viss. Trui på vitugskapen hev langt frå alltid vore like sterk som hjå Kant, til dømes dreg filosofen Schopenhauer fram viljen som det viktige. Den blinde livsviljen er ein tanke som kann førast i mange leider.

Ein trur òg på framsteg og avsløringsstrategien i den moderne tidi. Når berre folk fær fridom til å handla som dei ynskjer, kjem dei til å fara åt på beste måte. Det som heng att av gamle verdiar som ikkje toler ljøs på seg, kjem til å falma og falla burt, medan dei nye umgangsformene, økonomiske skipnadene, tankebygnadene og forteljingane um kva som er naturleg og vellukka livsførsla, vinn fram.

Desse synsmåtane er vel å ha nått ein ende i dag. Alt nytt er ikkje godt nytt lenger. Til sine tider viser det seg at trui på vitskap og teknikk og på raske framsteg for mange hadde skuggesidor. Dei menneskelege og opphavlege sidone ved røyndi let seg ikkje attendevisa. Natur og umheim hev langt meir varige utsyner yver seg enn det industrien og teknologien hev synt seg å ha so langt. Ingen talar vel um teknologi i tusundårsperspektiv, men naturen er ei ovring som manar mennesket til å tenkja lenger ein det er i stand til. Den menneskelege livsførsla er likeins langt meir varande enn teknologien. Det eine framsteget set det andre ut or kraft.

Når ein kjem til reint menneskelege framsteg, so kann det vera framsteg ein meiner at ein hev havt i tenkjing kring menneskelege tilhøve. Til det kann det vera verd å vera misstruisk, um enn ein kann taka i miss. Tak til dømes helse og kosthald. Moderne industrimat er vel ikkje på langt nær so sund som mat som kjem beint frå naturen. Ordet naturleg er eit ord som i sume reklametekster vert sett på som

noko so nær eit lykelord. Men det naturlege skal vel helst vera under menneskeleg styring og gjerne vera industriprodusert, då vert det ikkje nett so truverdige, iallfall ikkje i alle høve. Fisk må då vera sundare enn Omega3-tablettar.

Ein kann avsløra gamle fordomar, men ein kann like lett skapa nye fordomar. Det er vanskeleg å gå god for synspunkt som gjeng ut på at menneske var meir kunnskapslause i tidlegare tider. Det er alltid noko som gjeng tapt i soga, og um me trur at det som stend att forklarar alt um korleis folk tenkte, so tek ein i miss. I dag hev me stor kunnskap um fortidi, men me må likevel plukka ut det som er viktig, og då vert me kannhenda ikkje klokare enn det folk var for 200 år sidan. Det kann vel vera at heile det moderne prosjektet kann avvisast eller kjem i eit heilt nytt ljøs.

Det ein vel like fullt kann slå fast er at når ymse ovringar slær til for fullt, so fær det store fylgjor. Kvinnor hev alltid arbeidt, tilliks med mennene, men innanfor det moderne prosjektet skulde dei til sine tider takast ut or det formelle arbeidslivet. Det moderne prosjektet kann vel soleis til sine tider ha gjenge i motsett leid av det som var det opphavlege, at kvinnor og menn hadde arbeidshopehav på gardsbruk i det gamle jordbruksamfundet. Det stend iallfall i motstrid til at kvinnor vart sette ut av arbeidslivet og gjekk inn i ei slags ihoplaga husmorrolla, serleg på 1950-talet.

Me hev sett at ein kann tenkja seg siste-instansar som Gud, idear eller substans. Jürgen Habermas meiner at siste-instansane ligg i språket: Det sanne, det gode og det fagre tuftar seg ikkje beinast på mennesket, men på eit menneskeskapt medium, språket. Språket er sjølv beraren av vitugskapen, av di han som legg fram grunnleggjande må bruka dei innebygde vitugskapsbygnadene i språket. Korleis Habermas ser på ikkje-verbale ytringar eller kunstnarlege ytringar hev eg ikkje nokon kunnskap um, men ordskiftet um kva som kjem fyrst av språk og tanke er knappast avslutta på ein måte som set språket fyrst.

Attende til revolusjonen og reaksjonen

Opplysingstankane og det moderne prosjektet stend der med sine yverordna og abstrakte bygnader. Gjeng ein nærare inn på reaksjonen mot den franske revolusjonen kjem ein kor som er ikkje utanum at nasjonalismen i denne tidi vart grunnleggjande viktig. Franskmennene måtte forsvara seg mot krigstrugsmål og andre land mot revolusjonstrugsmålet. Den lettaste vernestrategien synte seg å vera at ein samla folk attum ideen um eit nasjonalt hopehav. Tyskarar måtte verja seg mot franskmenn, då kvarv tanken um at franskmenn kunde læra tyskarar um revolusjonen.

Yverføringsverknaden måtte motverkast.

Når den tyske nasjonalkulturen blømde sterkt kring slutten av 1700-talet og tidleg på 1800-talet, hekk nok det ihop med krigsstoda. Det var rett tid til å teikna ned eventyr og til å leita fram det som var sams i tysk saga. Nasjonalismen viste seg å vera ein måte å bremsa moglege revolusjonstankar i folket. Og ikkje berre bremsa nasjonalismen revolusjonstankane, han verka utvidande med. Jamvel i vår tid hev nasjonalismen vist seg å ha gjennomslagskraft. Mange nasjonalstatar hev kome til etter 1989. Ein kann sjå til Russland, Jugoslavia og Afrika.

Ein lyt til Rousseau um ein vil sjå korleis opplysningstidi og den nye tidi etter revolusjonen heng i hop. Det var Rousseaus tankar som fekk mana folket i Frankrike til strid. Det var eit mål for Rousseau å koma burt frå den ufridomen som den moderne sivilisasjonen hadde ført med seg. Det frie mennesket i naturtilstand hadde vorte til eit ufritt menneske i samtidi, no måtte ein finna fram til ei ny form for fridom. Korleis ein fær menneske til å verta samde um å leva saman innanfor den

same rettsstaten med dei same reglane og grunnsetningane, det vart eit sentralt poeng.

Det kann vera mange ting som fær folk til å slutta seg saman, og opplysningstidi la vinn på idealtilstand og fann dei fullkomne løysingane i vitugskapen. Ein revolusjon stend derimot ikkje for eit idealtilstand, langt derifrå. Når store folkegrupper og innbyggjarar i heile statar kjem under hardt press økonomisk og materielt, kjem ein til tider då det krevst handling, og då er ikkje alltid dei teoretiske utleggingane so nyttige. Ein kann derimot oppsumera i etterkant og finna fram til kva krefter som kom til uttrykk og kva fylgjer desse kreftene fekk.

Nasjonalismen kjem vel til uttrykk som ein måte å løysa røynelege vandumål på. Det var vel knappast slik at ein hadde sett fyre seg kva kraft som kunde liggja i nasjonalismen fyre revolusjonen. Ein kann kannhenda segja at det kann verka vitugt å slutta upp um den nasjonen ein høyrer til, men den franske revolusjonen innfører ein kløyvd truska. Ein kann vera lojal mot sin eigen nasjon eller ein kann vera lojal mot tankar og ideal som knyter seg

til folkesuverenitet. Ein vitug nasjonalstat må taka høgd for at borgarane i eit land både kjenner seg knytte til kvarandre gjennom ein sams identitet og gjennom ei godtaking av det styresettet landet hev. Lojalitet til statsleidarane og det politiske systemet måtte gå hand i hand med lojalitet til nasjonen. Dersom lojaliteten vart kløyvd, kunde leidarane i eit land risikera å få folket mot seg.

Nasjonalismen samlar mykje av dei serdrag i det moderne prosjektet som me hev vore innum. Den er grunnlag for ein nækjingsstrategi i høve til andre folk og nasjonar. Han utgjer ein siste-instans som det er vanskeleg å avsløra. Nasjonalismen hyser visse sanningar som ein kann kartleggja gjennom metodiske granskningar som til dømes av norske målføre, avbrigde av eventyr, språklege ytringar med meir. Det er naturleg å slutta her i dette høvet, men langt frå alt som kunde segjast um det moderne prosjektet er sagt i dette stykkjet, det er mykje ein kann gå nærare inn på. Nasjonalismen er kor som er berre ein av mange mottankar til den franske revolusjonen.

Polen liver midt i det europeiske spaningsfeltet

Av Lars Bjarne Marøy

Tyskland hadde store vandumål då dei skulde føra heimskrigane på 1900-talet. Landet låg midt i Europa og måtte vinna fram på tvo frontar um krigen skulde føra fram til siger – austfronten og vestfronten. Tyskarane vilde for all del koma undan ein tvofrontskrig, men saga gjorde det slik at dei fekk nett det. Tyskland vart endeleg samla fyrst i 1871, meir enn hundrad år etter at samlingsarbeidet tok til. Det er råd å jamføra den tyske samlingi med måten Sambandsstatane vart samla.

Når eg tek til med Tyskland her, er det ikkje av di denne bakgrunnsartikkelen skal handla um Tyskland, men av di Tyskland på sett og vis let seg samanlikna med Polen. Både nasjonane hev havt fotfestet sitt midt i Europa, og både nasjonane hev havt vanskar med å samla seg til ein slagsterk stat – på same tid som at dei heller ikkje kunde attendevisast eller nektast for. Tyskland voks langsamt fram, tilliks med Sambandsstatane. Polen var derimot eit land som var innarbeidd med ein sterk stat, men landet miste fotfestet.

Eit land som misser fotfestet

Den polske staten kom i vanskar av di for mange eigenmektige adelsmenn stod imot kvarandre. Det toppa seg i at kvar einskild adelsmann kunde leggja ned veto mot avgjerder i den polske riksdagen. Det førde naturleg nok til at det vart tungrodd å styra staten.

Uttrykket polsk riksdag, peikar på at noko vart uråd å halda styr på – alle skal ha fram sine meiningar utan å høyra for mykje på dei hine. På ulike måtar undergrov «den polske riksdagen» den polske staten. Staten vart kløyvd upp av grannane. Dei gode sidone ved det sokalla liberale vetoet var at avgjerder vart vel grunnlagde, ulempa var at framande makter kunde gripa inn og kløyva upp alle ordskifte og laga lange avgjerdsprosessar av spursmål som hekk i hop med utanrikspolitikken.

Polen hev tilliks med Noreg ei kløyvd saga, med ei stordomstid og ei attervakning. Landet vart burte frå kartet i 1795, og vart fyrst synlegt att i 1918, då fyrste heimskrigen var yver. So kann ein segja; kvifor braut Polen saman og kvifor kom landet på fote att? Landet braut vel mykje saman for skuld trykket frå stormaktene under Napoleonskrigane. Når Polen kjem på fote att, handlar det vel mykje um fyrste heimskrigen. Stormaktene som hadde halde kontroll med Polen greider ikkje å halda styring med landet lenger. Austerrike-Ungarn, Tyskland og Russland hev skipla statstilhøve, og då polske lausrivingskrefter fekk studnad frå USA og Wodrow Wilsons 14 punkt til tingingane i Versailles, der eitt av dei 14 punkti var å lata nasjonalismeprinsippet råda i Europa, fekk dei polske frigjeringskreftene dimed det grunnlaget dei trong for at dei skulde lukkast i å taka steget mot ei

statsdanning. Høgdepunktet er 11. november.

Med ein historisk sjanse til å reisa seg att

Difor er 11. november 1918 ein viktig dag for Polen. Då krigen var yver, stod polakkane reiduge til å vinna landet sitt attende. 21 år seinare fekk dei den tyngste prøvesteinen på um statsdanningi hadde vore vellukka. Då vart landet skilt ut i tvo partar, den eine parten skulde Sovjetunionen taka under seg, den andre Tyskland. Tyskland gjekk fyrst inn i Polen, og då lyste Storbritannia krig mot Tyskland. Sovjetunionen fekk derimot toga inn umerka. Både Tyskland og Sovjetunionen hadde hemnmotiv til sinns då dei gjekk til krig. Dei hadde ikkje kunna visa seg som mektige etter 1. heimskrigen, og det var pinsamt for tvo ærekjære statar. Kva kom hemnlysti av?

Etter fyrste heimskrigen var det ulage i Russland. Det herska borgarkrig millom kvite og raude herstyrkar. Dei kvite høyrde til den gamle herskarklassa og arbeidde hardt for å slå ned dei raude bolsjevikane. Dei indre motsetnadene gjorde det vandt å halda det gamle russiske herreveldet ihop. Polen låg i utkanten av dette herreveldet. Polakkane allierte seg med ukrainarar og kviterussarar og hadde i startfasten hell med seg i krigføring mot dei nye herskarane i aust, men so vart dei pressa attende til Warszava. Her fekk dei likevel

pressa seg innatt og berga sitt eige territorium, men ukrainarane og kviterussarane hamna under klovane til den russiske bjørnen.


Stalin merka seg krigsføringskunsti til polakkane, dei var gode strategar. Han mislika og vantrudde polakkane i ettertid, og var serleg huga på å få teke ut leidarane åt det polske herfolket. Nedslaktingi av 22 000 polske offiserar er eit godt døme på mistrui til Stalin. Denne nedslaktingi fekk tyskarane skuldi for, men etter 1989 hev det kome fram at det i røyndi var Moskva som stod attum det heile.

Tyskarane på si sida fekk skuldi for at fyrste heimskrigen tok til. Det førde med seg at dei laut leggja ut stor krigsskadebot til sigerherrane. Serleg Frankrike var uppteke av at tyskarane skulde svara for dei store tapi landet hadde lide under krigen. Um tyskarane skulde lukkast med å svara for dei pengane dei skulda, laut dei halda høg produksjon. Dei hadde bruk for alle dei landvaldi og rikdomskjeldone dei fekk nytta seg av. Kolgruvor var ei stor rikdomskjelda i ei tid då olja ikkje spela nâme nær den same rolla i økonomi og energiforsyning som ho gjer i dag.

Folkereising, stormaktsspel og kamp um gruveressursar

Nokre av dei viktigaste gruvevaldi låg i Øvre Schlesien. Då det braut ut oppreistar i Øvre Schlesien, hadde tyske interessor alt å vinna på å slå ned oppreistane. Uppreisten kom etter at tysk grensepoliti slakta ned ti polakkar ved Myslowitzer Grube i 1919. Det vart generalstreik der 140 000 øvre-schlesiarar gjorde krav på at styresmakter og politi skulde bytast ut jamt millom polakkar og tyskarar. Denne oppreisten var den fyrste. Den gongen greidde tyskarane å halda att. Umlag 2500 leidande polakkar skal ha vorte hengde eller avretta på onnor vis i samband med denne oppreisten. Dette var i 1919.

Men det slutta ikkje med denne oppreisten. Ein ny oppreist melde seg i 1920. Denne gongen hadde det vorte sendt inn ein kommisjon som skulde vurdere stoda etter den



Frå Chopin til polonese. Det polske tilskotet til europeisk kulturliv er stort.

fyrste oppreisten. Kommisjonen var samansett av krigsvinnarane – Frankrike, Storbritannia og Italia. Britane og italienarane var samhuga med tyskarane, medan franskmennene var samhuga med polakkane. Stoda var ug Reid, for sigermaktene var kløyvde, og då vart det råd å spela på dei motsetnadene som alt fanst. Enden på det heile var ein ny oppreist, der polakkane vann sterkare fram og fekk tilgang til både det stadeigne tenesteverket og politi.

Etter ein tridje oppreist kom store delar av Øvre-Schlesien på polske hender. Folkesambandet greip inn og stod for delingi. Tyskland var svært misnøgt med tilhøvi. Dei fekk tilbod um at prisane på kol kunde minkast ned, um dei førde inn kol frå Polen, men dei vilde ikkje ha innførsel av kol frå Polen. Tilhøvi millom Polen og Tyskland heldt fram med å vera spende.

Når Polen kunde ha tilvererett som eigen stat, må ein sjå på korleis den polske nasjonalismen vart bygt upp. Polen tilliks med mange andre land hadde ein sterk nasjonalistisk periode på 1800-talet.

Polske tilskot til europeisk kulturliv

Polsk nasjonalisme finn ein mange uttrykk for



på 1800-talet. Både forfattarar og musikarar gav seg sterkt til kjenne. Mest kjend er nok Pan Tadeus av Adam Mickiewicz. Dette verket hev iallfall inntil nyleg stade sterkt i den polske skulen, og verket hev vorte filmatisert. Chopin er truleg den best kjende kulturpersonlegdomen som laut leva i utlegd. Dei polske dansane massurka og polynese hev spreidt seg langt utyver landegrensone. For Polen er eit land som er fylt av kultur, anten det er tala um målarkunst eller teater. Det polske språket og den katolske kyrkja hev halde folket samla, slik at det ikkje var råd å få dei inn under andre herrevelde for godt.

Difor er det interessant å merka seg at Polen jamvel greidde å stå av invasjonen frå dei tvo store mektige grannane Tyskland og Russland. Båe landi freista å knekkja Polen med folkeflytjingar og hardstyre. Moskva hev havt hard styring yver landet, men polakkane hev lært seg til å leva med å lesa millom linone. Det var i Polen som i mange andre kommunistland at ein lærde seg til kva ein kunde segja ute millom folk og kva ein kunde segja heime. Kulturelle symbolsaker vart viktige, medan politiske ytringar var noko ein var varsam med.



**NYNORSK
ANTIKVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS
Hulgata 11
4900 Tvedestrand
Telefon 37 16 66 66
E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

**Antikvariatsbokhandlar
Arne-Ivar Kjerland**
E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no
Mobil: 928 29 098

B

PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGA
PP

NORGE / NOREG

ISSN-1503-2469

Frode Strømnes til minne

Av Olav Torheim

Det var med stor sorg at bladstyret i Målmannen fekk melding um at professor Frode Jens Strømnes er død, 75 år gamal. Det var paradoksalt nok i den siste leidaren fyre Strømnes gjekk burt at han vart nemnd ende ut som ein av den sentrale tenkjarane som hev merkt arbeidet åt redaksjonen. Ideane åt Strømnes hev kor som er vore med på å staka ut kursen for Målmannen i heile det tiåret bladet hev kome ut.

Strømnes gjorde eit banebrytande arbeid innanfor kognitiv språkpsykologi. Etter mange tiårs forskning kom han i 2006 med boki "The Fall of the Word and the Rise of the mental Model". Boki samlar trådane etter eit langt liv som forskar, fyrst som amanuensis ved Aarhus Universitet i Danmark, sidan som professor ved Universitetet i Åbo i Finland og ved Universitetet i Tromsø, fram til han dei siste åri var statsstipendiat i Volda.

Eit nytt syn på språk

Strømnes gjorde det til sitt livsverk å setja ein alternativ modell upp mot det tradisjonelle synet på språk. Språkssystemet vert i den tradisjonelle forståingi sett på som sekvensar av ord. Læra um språk vert då læra um ordi. Det vert vidare hevda at folk kann tenkja med ord. Ein kann tenkja på ting ein ikkje kann laga strukturmodellar av. Det hev matematikarar freista å prova. Språklæring er å læra ord heiter det.

Lingvisten Noam Chomsky hev hevda at alle språk er grunnleggjande like, med di setningane kann minkast ned til noko han kallar for proposisjonar. Proposisjonane er immaterielle og dei er dei same for alle språk. Berre proposisjonar kann ha sanningsverde, i motsetnad til analoge strukturar som bilete og kart. Dei analoge strukturane kann ikkje ha sanningsverdi av di dei vert kalla fleirtydige.

Kor som er: Innanfor kognitiv språkpsykologi hev det i dei seinaste 40 åri vore gjort etterrøkjingar som hev endra synet vårt på språk. Språket vert i ei sovori forståingsråma bytt inn i tvo nivå, addressor og mentale modeller. Ordi som me nyttar oss av er einast addressor til mentale modeller, og det er desse me nyttar oss av når me tenkjer.

Dei mentale modellane grupperar ting og hende utanfor mennesket. Adressone/ordi vert nytta til å finna ut kvar dei mentale modellane er i heilen (hjernen). Utanum det ber dei ikkje kunnskap i seg. Men-

tale modellar som ber i seg kunnskap um hende og ting hev alltid formlikskap med desse hende og ting. Mentale modellar er som alle andre modellar hende i ei rømd og kann difor skynast utfrå ei rømd.

Sinnbilete vart nytta til å fremja minne millom forsøkspersonar i ymse røyne (eksperiment) frå 1957 av. Røynti hev vorte banebrytande for å skyna menneskelege språkssystem. Sjølv var Strømnes mange år i Finland og granska tilhøvet millom svensk og finsk mål. Han etterviste at finsk mål hev ei onnor mental fyrestellingsverd enn det svenske målet. Det hev gjeve seg interessante utslag. Han og forskingsmedarbeidarane hans nytta mange år på å koma fram til biletlege framstillingsformer for dei finske kasusi. Dei biletlege uttrykki kunde få fram sermerke i språket og soleides letta målinnlæringi.

Strømnes kunde ettervisa klære skilnader millom indoeuropeiske mål og finsk mål. Forskningsrøyne syner at indoeuropeiske mål forvirrar finstalande. Slik målbruk fører til fleire arbeidsulukkor millom finstalande enn millom svenskalande. Det hev ein kunna stadfesta statistisk, og det med alle andre tenkjelege variablar haldne utanfor.

Vegen vidare

Um målet i eit land er med og skaper mentale fyrestellingar, kann ikkje desse fyrestellingane uttrykkjast like godt gjennom eit mål som er valt på slump. Det lyt vera det målet som er sermerkt for landet som kann få fram desse mentale fyrestellingane. Den norske målreisingi kann soleides utløysa ei stor skaparkraft som målstoda i dag held nede.

Strømnes meinte nynorsken i byrjingi av fyre hundradåret hadde ein historisk sjanse til å vinna fram. Mykje godt arbeid vart den gongen gjort for å gjera det norske målet til eit tevleført europeisk kultur mål. Akademikarar med landsmålsbakgrunn lagde vinn på å nytta nynorsk både i skrift og i tala, og grunnleggjande skrifter frå den klassiske verdslitteraturen, som til dømes Odysseen av Homer, Germania av Tacitus, eller Sakuntala av Kalidasa, vart umsett til god og velklingande nynorsk. Men dei tilnærmings- og jamstillingsstrategiane som målrørsla gjekk for etter krigen var etter Strømnes sitt syn lagnadstunge for nynorsken. Tilnærmingslinja, dialektromantikk og jam-

stillingsstrategiar gjorde det nynorske til eit individuelt prosjekt for den einskilde - både når det kjem til rettskriving og det å kunna hevda rettane sine som nynorskbrukar. Alternativet Strømnes stod for var å byggja upp ein elite som stod saman um å dyrka det norske målet fram som eit sjølvstendig og einskaplegt alternativ, og strida det fram på alle omkverve. Dessutan skulde ein bygt institusjonar og sikra kjerneregionar der nynorsken hadde fyreretten.

Frode Strømnes var ein mann som var i stand til å samla trådane. Han var uppteken av at ein laut sjå praktisk på målstoda. Praktiske spørsmål var like viktige som teoretiske og ideologiske. Strømnes var til dømes undren på kvifor nynorske avisor og tidskrift aldri tok fyre seg emne som til dømes korleis ein bygde meir energiøkonomiske vedomnar eller noko so einfelt som korleis ein hyvla ei fjøl!

"Me er materialistar som spør etter vinninga", hevda sentrale folk i målrørsla etter krigen. Sentrale folk i ei rørsla som hev ført det norske målet mot undergangen. For er det noko målreising og måldyrking handlar um, so er det nett det: Kjenslor, kjærleik og draumar, og ikkje kald materialisme. Strømnes hev med arbeidet sitt um språk og mentale fyrestellingar synt at målsaki likevel er meir enn berre romantikk. Språket er ein måte å sjå og systematisera verdi ikring seg. Det norske målet, med sin rikdom på preposisjonar og si gode evna til å modellera rørsler, er eit program for å yverleva og taka kjappe avgjerder der barsk natur og kaldt klima ikkje gav høve til å utsetja til i morgon det som laut gjerast i dag. I vår globaliserte verd med fri flyt av varor, kapital og arbeidskraft spelar dette kanskje ikkje so stor rolla lenger, men kven veit kor lenge dette systemet kjem til å halda seg?

Strømnes hadde framleis so mykje å koma med, og var millom deim som me i røyndi ikkje hadde råd til å missa. Det er likevel ikkje anna å gjera enn å segja som i Tord Foleson, merket det stend, um mannen han stuper. Arbeidet åt Frode Jens Strømnes vert ståande. Strømnes hev lagt eit teoretisk grunnlag for ei alternativ og radikal målreisinglinja. Det er upp til oss å granska det og å setja visjonane hans ut i livet.

Sluttordet:

Kvart mål må talast og skrivast so, at fyremunene kjem fram, og ettermunene ikkje syner seg...

Nikolaus Gjelsvik

Målmannen treng folk som skriv høgnorsk.

Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Postboks 599 Sentrum, 5806 Bergen